

# NORSK TIDEND

Framhald av **Fedraheimen** og **Den 17de Mai**



## LOVMÅL UTAN MÅLLOV > 16-19

Nynorsken står sterkt innanfor jussen, frå kollokviegrupper i Bergen til Høgsterrett i Oslo.



## MEDVIND > 10-13

Landsmøtet i Bergen vart prega av at byen er i ferd med å opne armene sine for omlandet.



## SNØFUGLEN > 22-23

– Forlaget er hobby, arbeid og ei glede, seier **Åsmund Snøfugl**. Over 400 bøker har det blitt så langt.



# Kastar seg ut i det

– Eg har røter frå Østerdalen, og har nok litt av både Solan og Ludvig i meg. Det blir moro, men børå skal berast, seier **Magne Aasbrenn**, nyvald leiar i Noregs Mållag. > 14-15



## Tabloid lovbrot

» Ingeborg Steine skulle i slutten av mai ta eksamen i Statistikk og økonomi ved NTNU i Gjøvik, og ho hadde bede om å få oppgåva på nynorsk. Det som møtte henne eksamensdagen var eit tulatespråk, fjas og noko som mest minte om ein dårleg parodi. «Kvisleis» er t.d. ikkje lov å skrive. Skandalen var eit faktum, og skulen la seg flat.

» Media elska det. Med eitt verka det som om journalistane endeleg såg alvoret. Og særleg sidan skulen la seg flat, burde det vere grunn til å gle seg. Så kom det noko godt ut av denne triste episoden.

» Men problemet er at dette ikkje er ein enkeltstående episode. Norsk Målungdom har fleire slike saker kvar vår. Dei grovaste er når studentar blir oppmoda om ikkje å be om eksamen på nynorsk. Det skulle ein berre gjere om det var «ekstremt viktig» for studenten, då det ville føre til meirarbeid for dei som skulle lage oppgåvene. Når dette kjem frå ein person som seinare kan påverke karakteren, er det nesten eit overgrep.

» Dette skriv ikkje journalistane om. Det er ikkje så moro. Det blir det fyrst når ordet «kvisleis» dukkar opp i oppgåva. Då er det fram med mikrofonane, og fram med klikkmålarane. Og så er det berre å stålsetje seg for kommentarfeltet.

» Me får håpe at denne saka blir hugsa neste år, og at ho kan opne opp for å skrive om liknande saker som ikkje inneheld like mykje fjas. Det går an å skrive om kvar-dagen òg.

KJARTAN HELLEVE

### Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

**Tilskrift:** Lilletorget 1, 0184 OSLO


**Redaktør:** Kjartan Helleve  
kjartan.helleve@nm.no,  
23 00 29 32

**I redaksjonen:**  
Hege Lothe, Erik Grov

**Heimeside:** www.nm.no

**Abonnement:** 250 kroner per år

**Utforming:** Språksmia AS  
smia@spraxsmia.no



# Å samle Noreg

**POLITISK SETT HAR NOREG VORE SAMLA** til ein nasjon i lang tid – men i språkpolitikken skurrar det med heilskapen framleis. Sidan 1885 har vi hatt offisiell språkleg jamstelling, men mange stader er det ennå slik at det språklege likeverdet ikkje gjeld i praksis. Bokmål blir sett på som standard norsk, mens nynorsk er eit skriftspråk for spesielt interesserte.

Slik eg ser det, er ikkje Noreg eit samla språkrrike før begge målformer er hundre prosent aksepterte i bruk same kvar du er og same kva du driv med. Slik det er nå, blir det sett på som normalt at ein austlending som får arbeid i «Nynorskland» held fram med å skrive bokmål i alle fall, men viss ein vestlending flyttar til Austlandet er det «rart» om han eller ho ikkje skiftar til bokmål i skrift. Bokmålet har ei slik tyngd.

**EG MERKA DET TYDELEG** i mai da eg blei invitert til å halde foredrag om dialekter i ein by i sør-aust og skreiv at eg ville ha omtale på nynorsk i programheftet. «Vi mener at det er unaturlig å ha nynorsk i programmet vårt.» var svaret da. For slik er det: Vil du skrive nynorsk i kvardagen i visse delar av landet, blir det tolka som at du utfordrar naturens orden. Om du ikkje er Are Kalvø eller NRK-kjendis, da.


Når eg har fått den store tilliten å bli vald til leiar i Noregs Mållag, går eg på med liv og lyst fordi eg ser teikn i tida til at reelt språkleg likeverd er



MAGNE AASBRENN  
Leiar i Noregs Mållag

innan rekkevidde. Det bør vere mogleg nå, å gjere ein framstøyt slik at språk-Noreg kan bli eitt rike «før tiåret er omme», slik amerikanaren sa da han skulle til månen.

Utkikksposten eg har i dette, er at eg har nær kontakt med oppveksande generasjonar takk vere arbeidet mitt som lektor i den vidaregåande skolen. Byen min er Fredrikstad, det er der eg har følgd utviklinga på nært hald sidan 60-talet. Den tidlegare «Plankeby'n» er nå ein multikulturell by. I ei undervisningsgruppe med 15 elevar i fjor, viste det seg at 5 verdsdelar var representerte. Sett i forhold til det fleirkulturelle samfunnet spør ungdom seg sjølv: kven er eg, kva er min identitet? Da er det plutsleg ikkje nok berre å vere vandrane kopiar av amerikanske college-kids, ein leitar etter røter og samanheng. Så oppdagar stadig fleire at norske bunader på 17. mai står veldig bra til kurdiske og somaliske folkedraktar – og at vi er så heldige i dette landet at vår form for patriotisme er ei anna enn den som utviklar seg i andre land i Europa. Der



Illustrasjon: Kjartan Helleve

# til eitt rike

blir kampen for eigen kultur fort farga av det mørkeblå, på grensa mot det brune. Pegida marsjerer i gatene. Men den norske patriotismen får best uttrykk i denne linja frå «Nordmannen»: *millom Jamningar helst er eg nøgd*. Ivar Aasen, 22-åringen med ein radikal idé, gjorde alvor av dette demokratiske idealet, og før han stridde Henrik Wergeland både for eit norskare språk og mot jødeparagrafen.

**JA, OG FØR WERGELAND IGJEN** var det Hans Nielsen Hauge som lærte folk i Noreg å tenke sjølv og ta det øvrigheita sa bokstaveleg talt med ei klype salt (han lærte folk å starte saltkokeri). Hauge er ein god mann for meg å vise til, for han voks opp på ein gard i heimkommunen min, ikkje langt unna handlehallane der moderne fredrikstadfolk framleis går rundt og prekar.

Det som er veldig hyggeleg etter at eg fekk leiartilliten, er at østfoldingane rundt meg ser så glade ut når dei gratulerer. Med eit nynorsk verv! Det ligg ei kjensle der av at endeleg er også det munnlege språket lengst nede til høre på kartet fullt ut akseptert i fagforeininga for norske dialekter. Nye innmeldingar vitnar om at fleire nye frå traktene mot svenskegrensa skjønner at dei au kan skrive nynorsk med eige talemål «på øyret». Det krev berre ein liten tilvenningsprosess.

Så håpar eg òg at fleirtalet som les dette venner seg til ein leiar som brukar andre former her og der enn dei er vande med. Sånn blir det når eg tar utgangs-

punkt i mi dialekt for å skrive normalisert nynorsk; det er altså slik – for å sitere Vinje i diktet Nasjonalitet – at sola speglar seg litt ulikt «i kvar si Bylgje» på havet.

**ELLES MÅ EG FÅ NEMNE** at arrangørane i byen i sør-aust gav seg. For første gong kjem det faktisk nokre avsnitt på nynorsk i programheftet deira, sjølv om enkelte småby-bornerte sikkert vil reagere. Langsamt blir landet vårt eige.

Med hjelp av ein god organisasjon og gode tilsette er det mitt håp dei neste to åra at eg skal få bidra til å gjere nynorsk til eit kurant skriftspråk for alle i kongeriket – og at det ikkje nødvendigvis går så langsamt, heller, før dette er røyndom.

“ Det som er veldig hyggeleg etter at eg fekk leiartilliten, er at østfoldingane rundt meg ser så glade ut når dei gratulerer.

– Filmen «Femti raude rubinar» har fått overraskende stor pengestøtte fra Norsk Filminstitutt (NFI), hele 15 millioner kroner, blant annet på grunn av sitt valg av å kjøre dialogen på nynorsk. Dette er godt nytt for Noregs Mållag, som har bidratt i finansieringen av manusutviklingen med sin tildelingspott *Nynorsk multi-medialt støttefond*.

**Aprilsnarr på Filmweb**

– Håpar ikkje det kjem fram at den vesle Tigeren og den vesle Bjørnen har hatt postboksselskap i Panama. Då vert eg berre SÅ skuffa.

**Maria B. Solheim på Facebook**

– Boka er skriven på framifrå bokmål, og vi beklagar at vi ikkje greidde å tøyle vårt automatiske nynorske retteprogram før det gjekk til åtak på denne tekstbolken.

**Firdaposten om eit utdrag frå boka til forfattar Herdis Dyvik**

Eirik Ingebrigtsen trudde fyrst han skulle få grammatisk tyn då Noregs Mållag ringde midt i påska.

– Då var det langt kjekkare å få Nynorsk Litteraturpris.

– Alle som kjenner omgangssykefrekvensen i en vanlig norsk barnehage, vet at målformen spynorsk foreløpig er mer utbredt.

**VG på leiarplass**

«Hvis nynorskfolk føler seg støtt av den underlederen, så er jo det synd, det, altså – men, man klarer ikke alltid å være morsom selv om man prøver det, og dette er kanskje på kvoten ikke fullt så vellykket humor.»

**Skartveit «orsaker» på Radio Norge**

– Med ferdigstillinga av Norsk Ordbok er nynorsk truleg eit av dei best dokumenterte språka i verda.

**Åse Wetås, direktør i Språkrådet, til landsmøtet**

Sjølvsagt regnar det når mållaget opnar #nmlm. Nynorsk må vere det mindretalsspråket i verda med mest nedbør per språkbrukar.

**Jens Kihl på Twitter**

– Når ungar kjem og vil ha russekort, så seier vi til dei «Bli gjerne sparke-sykelruss, snakk dialekt og hald på nynorsken»

**Nynorskrossen i Volda til SMP**

«Ja... Eg har geve pængar til Sosialistisk Venstreparti og håper dei vil finansiere pressestøtta vidare så slike eventyrfortellarar som dig kan oppretthalda jobbana seina. Eg ha ei svær konto på Bermuda og tar deg gjerne med dit ein tur. Mykje bra kvinnfolk der ...»

**Øystein Stray Spetalen svarar Aftenposten-journalist Arild Færaas**

Nynorskfolket gir hverandre priser over en lav sko, det finnes knapt en nynorsktalende TV-kjendis som ikke har en statuett hjemme i stuen.

**Erik Hanøy i BT**

## Velkomen til Årets museum 2015

### Olav H. Hauge-senteret

Her blir du kjent med den store diktarens liv og verk og du kan oppdage poesi og lyrikk i mange former. Hauge-senteret ligg vakkert til inst i Hardangerfjorden.

Utstillingar | Butikk | Kafé

Ulvik poesifestival 9.–11. september  
poesifestivalen.no

[haugesenteret.no](http://haugesenteret.no)



### Ivar Aasen-tunet

Ivar Aasen endra norsk språk-historie, og utstillingane om språk og kultur opnar for fleire sansar. Hovudbygningen er teikna av Sverre Fehn og er ei oppleving i seg sjølv.

Utstillingar | Butikk | Kafé

Dei nynorske festspela 23.–26. juni  
festspela.no (Ørsta og Volda)

[aasentunet.no](http://aasentunet.no)



Foto: Ingvil Skjete Ljønes, Kfb & Morris, D. Borland



## Valle gjekk for nynorsk

**I SLUTTEN AV MAI** gjorde kommunestyret i Valle kommune i Setesdal vedtak om at også dei vaksne innvandrare skal få nynorsk opplæring.

– Eg vil få gratulere Valle kommune med at dei er neste kommune i rekkja som går inn for å gi vaksne innvandrare opplæring i nynorsk, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

– Det vil styrkje integreringa deira i lokalmiljøet og gi dei gode kunnskapar i norsk – også om dei seinare skulle flytte til andre stader i landet.

**KLART FLEIRTAL** – Eg registrerer for eksempel at i førebuiingsheftet til eksamen i norsk som andrespråk som vart delt ut til vidaregåande elevar over heile landet i går, er det mange tekstar på nynorsk. Med nynorsk i opplæringa vil valldølar med utanlandsk bakgrunn få eit ekstra godt grunnlag for skule og arbeid i Noreg, seier Magne Aasbrenn.

Saka vart drøfta då kommunestyret i Valle skulle vedta «Strategiplan. Busetting og oppfølging/integrering av flyktningar 2015–2019».

Med røystetalet 10 mot 5 røyster vart det eit klart fleirtal for å gå over til nynorsk. I strategiplanvedtaket står det mellom anna: Målforma i opplæringa i norsk/samfunnsfag i introduksjonsprogrammet skal vere nynorsk. Når barn og foreldre har lik målform, vil foreldre lettare kunne bli involvert i barna sin skulekvardag. Likeins vil det å lære nynorsk kunne vere eit pre i høve flyktningane som må byrje eit nytt utdanningsløp i Noreg, både grunnskuleopplæring for vaksne – og seinare vidaregåande skule. Nynorsk er obligatorisk både i grunnskulen og på vidaregåande skule.

**KOMMUNE NR. 43** Valle kommune skal tilby introduksjonsprogram til dei som har rett og plikt til dette innan tre månader etter busetting i kommunen, jf. introduksjonslova § 2.

Når Valle kommunestyre har gjort dette vedtaket, er dei dermed den 43. kommunen som har gjort vedtak om eller har gått over til nynorsk i opplæringa av dei vaksne innvandrare. Valle kommune er fyrst ute med å gå over til nynorsk på Agder.

## Stå på (konsesjons)krava!

– **TV 2 HAR VORE** eit godt føredøme når det gjeld bruk av nynorsk og dialekt i eteren. Regjeringa burde vere stolte. I staden seier kulturministeren at dette ikkje er viktig, seier Magne Aasbrenn.

– Nordmenn har i to tiår elska og hata sendingane med Eli Kari Gjengedal, Per Ståle Lønning og Elin Tvedt. Dette har vore ein suksessformel for TV 2. Vi har fått amerikanske storfilmar med nynorsk tekst og ei rekkje TV 2-journalistar har vunne prisar for sin gode nynorsk.

**INGEN SPRÅKKRAV** Det seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag. Han er overraska over kulturminister Linda Hofstad Hellelands utlysing om drift av kommersiell allmennkringkastar i Noreg, ein lisens TV 2 har i dag. Utlysinga inneheld ikkje krav til språkbruk, og heller ikkje til barneprogram eller støtte til norsk film- og tv-produksjon.

– Så nei, kulturminister, dette held ikkje. Vi kan ikkje ha allmennkringkastarar i Noreg som

ikkje får krav om å sende på både nynorsk og bokmål.

Mållagsleiaren er derimot glad for at det framleis er krav om at

det skal vere dagleg nyhendeproduksjon i Bergen.

– Dette er viktig for mediemangfaldet i Noreg, både språkleg og kulturrelt, seier han.

### – SKUFFANDE

Aasbrenn meiner erfaringa har vist at krav om språkbruk ikkje er eit krevjande krav å stille:

– TV 2 har i mange år vore eit godt føredøme når det gjeld bruk av nynorsk og dialekt i eteren. Regjeringa

burde vere stolte av at Noreg har ein kommersiell allmennkringkastar som tek sitt kulturpolitiske ansvar på djupaste alvor. I staden seier kulturministeren at dette ikkje er viktig. Det skuffar meg, held Aasbrenn fram.

– Vi legg oss ikkje opp i kven som vinn neste søknad om lisensen, men synest det er ille at ikkje kulturministeren klarer å sjå det millionar av nordmenn i tjuo år har sett: Kommersiell kringkastning fungerer like bra på nynorsk som på bokmål. Det kravet må Noreg framleis stille, avsluttar Aasbrenn.







Ruth Lillegraven er festspeldiktar på Dei nynorsk festspela i sommar. Foto: Anders Aanes/Ivar Aasen-tunet

# Festspel feirar morsmålet

**MORSMÅL BLIR I ÅR DEN RAUDE TRÅDEN** på Dei nynorske festspela i Ørsta. Dit kjem mellom andre Simone Eikemo og Bugge Wesseltoft, forfattarane Marit Eikemo og Guri Sørungård Botheim, språkfor-skar Unn Røyneland og mange andre.

Hovudarenaen for Festspela torsdag 23. til søndag 26. juni er som vanleg Ivar Aasen-tunet, men det blir mange arrangement rundt om i Ørsta og Volda, til og med på fotballstadion og i eit par kantiner.

I år lovar dei òg eit større tilbod til barn og unge, mellom anna framsyninga «Eg ler meg i hel» og lese-stund med barnebokforfattar og NRK Super-kjendis Christian Wiik Gjerde.

**FOKUSERER PÅ MORSMÅL** – Morsmål er det første talemålet eit menneske lærer, og morsmålet er derfor noko alle har eit forhold til. Unn Røyneland skal snakke om kva rolle morsmålet har i det fleirspråklege samfunnet, og gjennom mange spennande møte med dyktige utøvarar får vi innblikk i kva morsmålet betyr for oss som enkeltpersonar, lovar programansvarleg for Dei nynorske festspela, Åshild Widerøe.

Morsmålstemaet skal belyst gjennom litteratur, foredrag og samtalar. Festspeldiktar Ruth Lillegraven er i godt litterært selskap med mellom andre Marit Eikemo, Knut Ødegård og Guri Sørungård Botheim. Den britiske omsetjaren og språkforskaren Guy Puzey kjem òg for å snakke om omsetjinga av Maria Parrs «Vaffelhjarte» til engelsk.

**KONSERTAR** Den nystarta duoen Simone Eikemo og Bugge Wesseltoft er trekkplaster i Uteamfiet i Aasen-tunet laurdagskvelden. D'Sound-vokalist Eikemo skal framføre nye songar på dialekt, og dessutan syngje nokre songar på tysk, som er morsmålet hennar.

På Uteamfiet blir det elles konsertar med Heine Totland og Gisle Børge Styve torsdag, Ingebjørg Bratland fredag og Javan Pavlovic trio søndag.

– Dei nynorske festspela er femti arrangement på fire dagar med litteratur, musikk, foredrag og samtalar, utstillingar, kurs og seminar, seier Åshild Widerøe. (NPK)

## Nynorskpris til Gudbrandsdalsmat

Gudbrandsdalsmat har fått tildelt **Nynorsk næringslivspris 2015**. Marit Aakre Tennø (i midten), då leiar i Noregs Mållag, delte ut prisen på Otta. Styreleiar Marianne Stensgård og dagleg leiar Anette Svaton tok i mot på vegner av Gudbrandsdalsmat.

Gudbrandsdalsmat er eit partslag som sel og distribuerer varer frå 25 matprodusentar i Gudbrandsdalen, og bruker nynorsk i all samla marknadsføring og informasjon. Produsentane kjem frå Lillehammer i sør til Skjåk i nord, eit område som femner både bokmål og nynorsk.

– Med sin medvitne språkbruk er Gudbrandsdalsmat med på å styrkja bruken av ny-



norsk i Gudbrandsdalen. Gjennom oppskrifter og produktark når dei ut til sluttbrukarar over heile landet, og all marknadsføring på den nasjonale marknaden synleggjer nynorsk som eit godt næringsspråk, skriv juryen i si grunningeving.

Ein eigen jury avgjer kven som får prisen etter ein runde der alle kan koma med framlegg. I år har juryen vore Nina Refseth (Oslo), Nina Berge Rudi (Sør-Fron), Hilde Havro (Oslo), Øystein Skjæveland (Kvinherad) og Magne Aasbrenn (Fredrikstad). Juryen håpar prisen er til inspirasjon til at fleire bedrifter i Gudbrandsdalen blir stolte av nynorsken og tek han aktivt i bruk.

Vinnaren av Nynorsk næringslivspris får eit diplom som eit synleg prov på heideren og får tilbod om å marknadsføre seg i eitt år i medlemsavisa til Noregs Mållag, Norsk Tidend, på heimesida og sosiale medium til Mållaget og med standplass under nasjonale tilskipingar.

Nynorsk næringslivspris er ein nasjonal pris stifta av Noregs Mållag. Han vart fyrste gong delt ut i 2006. Føremålet med prisen er å fremja innsats for og bruk av nynorsk i næringsverksmed.

## Bli med på haustseminar i Lom!



**Noregs Mållag inviterer til haustseminar i Lom i samarbeid med Diktardagar 2016 3.-4. september.**

«Bygda» og Tor Jonsson er tema under Diktardagar 2016. I år er det 100 år sidan dikteren vart fødd. Difor har mållaget lagt haustseminaret sitt dit. Laurdagen er tanken at vi alle er med på programopplegget til Diktardagar 2016, medan vi på sundag konsentrerer oss om eigne emne.

På programmet til Diktardagar 2016 finn ein m.a.

**Kjartan Fløgstad, Marit Aakre Tennø, Mariann Villa, Dag Jørund Lønning, Ove Røsbakk, Henning Sommero, Sigbjørn Johnsen, Magnhild Bruheim, Guri Sørungård Bothem og Jens Kihl. Seminarleiarar er Andreas Hompland og Håvard Teigen.**

Sjå innom [diktardagar.no](http://diktardagar.no) for detaljert program.

På vårt eige seminar skal vi innom nynorsk for vaksne innvandrarakar, nynorsk i næringslivet, vervekampanje og korleis drive godt politisk alliansearbeid lokalt.

Vi vonar dette er ein spennande vri på haustseminarhelga. Det vert garantert både lærerikt og moro!

**Påmeldingsfrist: 1. august 2016**

Send påmelding til:  
Noregs Mållag, Lilletorget 1, 0184 OSLO  
eller på e-post til [per.arntsen@nm.no](mailto:per.arntsen@nm.no)

Det vil gå ut informasjon og detaljert program til laga, og du vil også kunne finne meir informasjon på heimesidene våre. Vi tek mot påmeldingar så lenge det er praktisk mogleg å få ordna kost og losji.

**Kom til Lom!**



WWW.NM.NO



Vinnaren av skrivetevlinga, Astrid Stave Tautra, saman med glade klassekamerater. Foto: Vera Henriksen/Romsdals Budstikke.

### Skrivekonkurranse i Molde

I samarbeid med fire ungdomsskular har styret i **Molde Mållag** laga skrivekonkurranse. Kasseraren ville ha skikkelege premiar og fekk Sparebanken Møre med på laget. Dermed kunne 10 000 kroner delast på tre premiar. Samlaget stilte med bøker til dei ungdomsskulane som deltok.

– Opplegget vart lagt opp som ein del av undervisninga. Lærarar frå Bergmo ungdomsskule laga oppgåvene, og lærarane på dei fire skulane som vart med, gjorde den største jobben med vurderinga og plukka ut dei tre beste tekstene som styret i mållaget kunne vurdere, fortel Anne Hungnes, leiar i Molde Mållag.

I januar fekk to frå styret kome til dei to største skulane der alle 9.-klassingane var samla til ein norsktime som mållaget fekk bruke til å snakke om språk, om kva mållaget jobbar med og dessutan presentere bøker frå Samlaget. I april var resultatet klart og det vart premie til tre av skulane som dermed fekk besøk ein gong til.

– For styret i mållaget har det vore interessant og inspirerende å lese tekstene, samarbeide med lærarar og møte ungdomar i dialog om at det er viktig å vere medviten om kva språk ein vil uttrykke seg med, fortel Anne Hungnes, som gjerne vil oppmuntre andre lag til å ta liknande initiativ.

### Ein høgskule med vestlandsidentitet

Forhandlingsutvalet møttest for siste gong i Bergen 3. mai for å fullføre fusjonsplattforma for **Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskulen i Sogn og Fjordane**. No går avtalen til dei tre styra, som tek første handsaminga av plattformen torsdag 12. mai. 9. juni tek dei avgjerda om dei vil gå vidare med å byggje ein ny, stor høgskule på Vestlandet.

Hovudmåla for den nye institusjonen blir å støtte opp om vekst for ei berekraftig utvikling av samfunns- og næringslivet og for einskildmeneske. Han skal ha ein tydeleg vestlandsidentitet som byggjer på vestlandsk kultur, næring og tradisjonar. Hovudmåla blir nynorsk.

– Vi er veldig glade for å ha fått gjennomslag for at ein så stor høgskule blir nynorskhøgskule. Eg trur det er viktig for nynorsken, seier rektor ved HiSF, Rasmus Stokke.



Foto: Harald Groven/ HiSF

Institusjonen får fem campusar, og har høge ambisjonar på alle felt. Mellom anna vil han bli kjend for å ha landets mest nøgde studentar som trivast og lukkast, og vere ein sterk aktør innan forskning og utvikling. Vestlandshøgskulen vil kunne skape nye og betre tilbod innanfor fag og undervisning enn institusjonane ville greidd kvar for seg. Målet er å bli universitet. ([hisf.no](http://hisf.no))

### Hjelp i nynorskopplæring for innvandrarakar

**Vox – Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk** har laga ei eiga nettside med hjelp til lærarar som gir vaksne innvandrarakar opplæring i norsk og samfunnsfag på nynorsk.

Bakgrunnen er at berre 43 av dei 113 nynorskkommunane i Noreg i dag tilbyr denne typen opplæring på nynorsk. Temasida med læreplan, læremiddel, Facebook-gruppe for lærarar og andre ressursar er meint å gjere det lettare å tilby introduksjonskurs for vaksne innvandrarakar på nynorsk. Temasida finst på adressa <http://vox.no/nynorsk>. (NPK)



# Første bind i boks

Første bind av **Norsk språkhistorie** vart lansert i april. Undertittelen er *Mønster*, og det er det første av i alt fire bind som skal bli den første store samanhengande historia om språk i Noreg.

Det kjem samstundes med at danskane får si språkhistorie, og svenske kjem med ei oppdatert utgåve av si. Når berre dette første bindet er på over 600 sider, så seier det seg sjølv at dette blir omfattande og mangfaldig. 38 forfattarar og ni institusjonar er involverte. I den originale framdriftsplanen skulle dette bindet ha kome alt i 2014, men slik vart det ikkje.

– Det var nok litt urealistisk, seier Helge Sandøy, professor i nordisk språkvitskap ved UiB, som saman med Agnete Nesse, professor i norsk språkvitskap ved Høgskolen i Bergen, er hovudredaktør for verket. – Me undervurderte nok det å gjere kompliserte manus om til bok. Det er mange ulike teikn som er i bruk, det er ulike skrifttypar og det er tal som både skal stå oppe og nede. Redaksjonssekretæren og forlaget har arbeidd hardt for å få det rett. Det må det jo vere, sidan dette er eit vitskapleg verk, seier Sandøy.

**SJØLVFINANSIERT** Men forseinkinga skuldast vel så mykje manglande finansiering. I utgangspunktet hadde arbeidsgruppa håp om at Forskringsrådet skulle finansiere eit stort forskingsprosjekt, men rådet såg ikkje på dette som forskning. Rådet meinte dette var formidling. – Det irriterte oss litt. Det er ikkje noko uvanleg at det kjem nye historieverk eller nye litteraturhistorier. Men det har aldri kome ei samla språkhistorie tidlegare, og at det ikkje skal vere forskning, er rart for ein humanist. Det å retolke er ein viktig forskingsaktivitet innanfor humaniora. – Kan det vere eit teikn på at forskning på norsk språk ikkje står så høgt i



Professor Helge Sandøy er saman med professor Agnete Nesse hovudredaktør for det nye vitskaplege firebindsverket Norsk språkhistorie. Foto: Stig Brøndbo, UIT Norges arktiske universitet

kurs i visse miljø? Norsk Ordbok hadde ein viss lagnad lenge.

– Ja, det kan du seie. Det er flott å få ei ordbok i hylla, men det å drive forskning på innhaldet, det blir ikkje verdsett. Men med tanke på å få verket Norsk språkhistorie ferdig var det kan hende ikkje ei ulempe å bli avvist som forskingsprosjekt. Om det hadde blitt eit forskingsprosjekt, så hadde det blitt eit uhorveleg stort administrativt arbeid. Og når alle skal grave seg djupt ned, er det ikkje sikkert alle kjem opp att samtidig og i tide. No gjer forfattarane arbeidet i stillingane sine innanfor institusjonane dei er tilsette, slik at det er institusjonane som på den måten syter for finansieringa. Det gjer det

mykje lettare for oss å sikre framdrifta, seier Sandøy.

**STORT SPENN** Det er eit stort spenn i innhaldet. Dette første bindet tek opp korleis grammatikk og tekstoppbygging har endra seg, og kvifor det har skjedd. I bind 2 ser forfattarane på språkbruk i samfunnet. Det handlar om skriftkunne og namn, og om andre språk som norsken har levd saman med i lang tid. Heilt nytt er det at norsk teiknspråk får si historie presentert. Bind 3 ser på tankane vi som samfunnsmedlemmar har om språket. Språket blir brukt til å byggje opp sjølvforståinga i samfunnet og hos individa. Berre bind 4 er kronologisk oppbygd slik at vi følgjer språkhistoria frå fyrste runetekstane og fram til vår samtid.

Sandøy seier at det ikkje har vore noko problem å avgrense seg.

– Sidetalet har nok gått litt opp, men det taklar me. Tvert om freista me utvide det tradisjonelle spennet i innhaldet i ei språkhistorie. Nokre av disiplinane innanfor faget vårt er relativt nye. Det betyr at dei enno ikkje har utvikla ein historisk dimensjon. Eit døme er tekstlingvistikk, altså korleis ein utformar tekstar i ulike

sjangrar. Det er eit viktig fagfelt, men få har arbeidd historisk med emnet. Så me har heller prøvd å utvikle nettopp det historiske perspektivet.

– Verket kjem i ei spanande tid, der norsk språk møter utfordringar frå mange hald.

– Ja, du har rett i at det er ei spanande tid for norsk språk, men ikkje av di språket endrar seg. Det endrar seg overraskande lite. Det forandrar seg mykje mindre enn kva folk trur. Men språket er i høg grad ideologisert, og då blir det lett å svartmåle og seie at det går ad undas, og at engelsk snart tek over. Om me nøkternt ser på utviklinga, så går endringane i grunnen saktare og saktare. Men spørsmålet ditt er likevel godt, for folk er veldig opptekne av språk. Så då blir spørsmålet vårt: Kvifor er dei så opptekne av det? Det er eit ideologisk tema som me ser nærare på særleg i bind 3.

– Sidan språket endrar seg så sakte, så betyr det at dette verket kan få eit langt liv?

– Ja, men på den andre sida kan du seie at språk som endrar seg mykje, gjev interessant laboratoriestoff for forskarar å arbeide med.

KJARTAN HELLEVE  
kjartan.helleve@nm.no

“ Språket er i høg grad ideologisert, og då blir det lett å svartmåle og seie at det går ad undas, og at engelsk snart tek over.

Helge Sandøy



# GUDBRANDSDALS MAT



**For oss er matproduksjon eit handverk forma av vår kultur, geografi og historie.**

Gudbrandsdalsmat gjer det enkelt å handle lokalmat frå Gudbrandsdalen.

Vi driv sal og distribusjon av produkt frå 29 produsentar til butikk og servering. Hovudsalsområdet vårt er Gudbrandsdalen, men vi selger og distribuerer varer til butikk og servering i heile Noreg! Med eit kontaktpunkt, ein ordre og ei levering formidlar vi mangfaldet av varer som våre medlemmar produserer. Bestill innan måndag og få varer levert torsdag/fredag same veke.

[www.gudbrandsdalsmat.no](http://www.gudbrandsdalsmat.no)



**Gudbrandsdalsmat SA**

Selsvegen 133  
2670 OTTA

Tlf 975 68 805 - Anette

Tlf 416 13 159 - Ingrid

Tlf 412 18 222 - Ingunn

epost: [post@gudbrandsdalsmat.no](mailto:post@gudbrandsdalsmat.no)



med hjarte og hender





Halvor Tjønn les frå sagaen ved Borg, staden til Skallagrim. Foto: Marit Heggenhougen

## Til Island med Bærum Mållag

25 mållagsmedlemmer drog i mai i vesterveg.

Eit tettpakka og flott program var sydd saman etter idé og opplegg av Inger Vederhus og Halvor Tjønn i styret i Bærum Mållag. Vi reiste i fotspora til dei første landnåmsmenna på sørvestkysten av Island, og vitja dei mest sentrale plassane frå tida etter år 871 +/- 2 år.

4. mai var alle på plass utanfor det nye og spektakulære konsert- huset Harpa i Reykjavik, og turen gjekk til Den Blå Lagunen med herleg varmbad under open himmel. Deretter drog vi til Hvolsvöl-

lur, overnatta og vitja Saga Centret dagen etter. Vidare reiste vi til Brennunjalssaga, Hlíðarendi og Bergþórshvoll (Bergtoravoll).

Sjølvsagt måtte vi vitja Gullfoss og Geysir Glima før turen gjekk til Þingvellir (Tingvellir) og Borgarnes. På Borgarnes overnatta vi og vitja Busetjingsenteret, eit museum og historisk visningssenter, og stoppa ved Skalla-Grims Haugur der også Bodvar, son til Eirik Skallagrimson, er hauglagd saman bestefaren sin, Skallagrim. Deretter var vi innom garden Borg á Myrum der Egil budde. Alle stader der vi var på historisk grunn, las Halvor og Inger stykke frå Njalssaga knytt til hendingar og historiske fakta frå stadene vi vitja.

Svært interessant var det den siste reisedagen då vi vitja Snorrastofa i Reykholt, Snorresenteret, der sokneprest og primus motor for senteret, Geir Waage, gav oss ei flott innføring og omvising i senteret om Snorre og Heimskringla. Mange norske kommunar var med og finansierte bygginga av dette senteret.

Attende i Reykjavik nytta alle høvet til å sjå Hallgrímskyrkja, Utstillinga 871+/-2, Nordens Hus og Nasjonalmuseet. Reykjavik er ein triveleg by, mangt og mykje å sjå der, og tillaust med gode restaurantar.

Bærum Mållag har all æra for ein flott tur!

JON LÅTE

### Dialektleir i Hemsedal

For tredje året på rad arrangerer **Hemsedal Mållag** og **Hått Halling** dialektleir på Krossostolane i Hemsedal, melder Hallingdølen. I år skjer det frå 19. til 23. juli. Ungar i aldersgruppa 4.-8. klasse utgjer målgruppa. Det har alt meldt seg på 11 deltakarar, men det er plass til nokre til.

– Ungar kan kunsten å ha det moro med språk, berre det blir lagt til rette for det, peikar Hemsedal

Mållag på. På dialektleiren knyter dei dialekten til det ungene opplever i stolslivet og anna populært arbeid, ute i naturen og i masse leik, song og samvær. På denne måten håpar dei ungene får ei positiv haldning til dialekten, øver seg på å bruke han, og at mykje kunnskap smett inn på naturleg måte.

**MÅLBAR PÅ STORTINGET** Oslo Mållag inviterte nyleg til MålBar på Stortinget. Stortingsrepresentant Gunvor Eldegard (Ap), som sit i kontroll- og konstitusjonskomiteen, tok imot Mållaget og fortalde om arbeidet med å få Grunnlova på nynorsk.

**NAMSENS AUGE** Start sommaren i Grong med eit historisk innsyn i kultur- og samfunnsliv som blei forma av ressursane i Namdalen. Framsyninga Namsens Auge har premiere i Grong onsdag 22. juni. Dette spektakulære friluftsspelet har elva Namsen som scene, elvelandskapet som arena og sørsida i Grong i Nord-Trøndelag som kulisse. Det er Torvald Sund som har skrive spelet, og det er på nynorsk. Naumdøla Mållag står tilskipinga økonomisk, og det er ei framsyning som engasjerer både profesjonelle og amatørar.

**BETRE SPRÅK I KVINNHERAD** Den kommunale språkbruken skal bli betre. Kommunestyret i Kvinnherad vil innføre ein eigen målbruksplan for Kvinnherad kommune, skriv Kvinnheringen. Planen skal sikra eit godt, enkelt, variert og brukarvenleg skriftspråk i alle kommunale ledd, dessutan systematisk opplæring, tilgang til gode digitale oppslagsverk og tilgang til språkleg rådgjevar i organisasjonen. Dei ulike einingane vil mellom anna bli gjorde kjende med nynorskterminologien innanfor eige fagfelt. Målplanen er utarbeidd i samarbeid med Kvinnherad Mållag.

**BARNESONGBOK FOR HALLINGDAL** Dei lokale mållaga i Hol, Ål, Gol og Hemsedal har saman med Buskerud Mållag gått saman om å lage ei barnebok med song, rim og regler frå Hallingdal. Boka kan vere med som «identitetsbyggjar» for Hallingdal, og prosjektet er kostnadsrekna til 290.000 kroner, melder Hallingdølen. Det vert no arbeid med å sikre finansiering av prosjektet.

**MÅLPRIS FRÅ HEMSEDAL MÅLLAG** Tonje Halbjørhus har fått Målprisen av Hemsedal Mållag. Til stor jubel vart Tonje Halbjørhus tildelt Hemsedal Mållags målpris for 2016 på arrangementet i Troimshallen på sjølvaste 17. mai.

**FIRMA DULTING** Ulike firma og organisasjonar treng ofte berre å bli dulta litt for at dei skal skriva meir nynorsk. Anten om det handlar om appar, nettsider, tekst på matvareemballasje, nettsider eller reklame. Kanskje er det nok å berre minna firma på det dei alt har tenkt sjølv; då treng me ikkje vera mange som spør. Men om me lyt verta endå tydelegare, kunne me då kanskje gått saman, kanskje på Facebook?, spurde Stavanger Mållag på eit ope medlemsmøte i slutten av mai.



# På Offens

Bergen møtte Mållaget og landsmøtet med opne armar.

Vårsola skein og *Bergens Tidende* skreiv om moglege nynorskklassar. Oddny Miljeteig nytta spalta si i BA til å ynskje målfolka velkomne. Dei rekordmange utsendingane som hadde teke turen til Hotell Terminus denne helga, kjende at det var meir enn sola som blenkte. Avtroppande leiar Marit Aakre Tennø kom i leiar-talen inn på at noko var i ferd med å hende i hovudstaden på Vestlandet.

– Etter Jon Fosse sitt oppgjær med Den Nationale Scene skreiv eg i BT at dette ikkje var min hovudstad, sa Tennø.

– Men i dag er eg på glid. Det er ikkje tilfeldig at me legg landsmøtet vårt til Bergen i år. Det var eit sterkt ynske frå styret å kunne samle organisasjonen i byen der det har skjedd så mykje bra for nynorsken dei siste åra. Det er mange i Bergen som har eit hjarte som bankar for nynorsk, og både i saga og i samtida skil Bergen seg frå andre storbyar i Noreg med sitt tilhøve til nynorsken, sa ho.

Ho etterlyste ein meir framoverlent språkpolitikk, der jamstilling måtte vike for tiltak som er direkte retta mot nynorskbrukarane. Og det fann ho døme på i Bergen. Då Høgre i vinter gjorde framlegg om at Bergen skulle søkje om forsøk med valfritt sidemål i vidaregåande, enda det med at ein samla opposisjon svara med å innføre tidleg start med sidemål frå 3. klasse i barneskulen. Tennø var glad for dette, men understreka samstundes at jobben ikkje var ferdig.

– Det Bergen treng, er ein god og systematisk språkpolitikk som gjer at dei sluttar å skulpe bokmålet over Arna og omlandet sitt.

**LO** Det er ikkje landsmøte utan at ein dreg i gang eit nytt arbeidsområde. I år var turen komen til fagrørsla, og LO-sekretær Are Tomasgard var invitert til å halde innleiing. Han innrømte at målsak ikkje var det som hadde stått høgast opp på gjeremålslistene oppetter, men ting var i ferd med å betre seg.

– Den enkle, flotte og stolte nynorsken som mange av våre medlemmar har med seg i ryggmergen frå skule og litteratur, det er den me må få fram. Derfor er det også viktig at Mållaget har programfesta samarbeid med fagrørsla, og at vi har programfesta eit positivt og

proaktivt vedtak om nynorsk. Eg trur at dette kan vere ein stad å starte, sa Tomasgard, og refererte vedtaket frå LO-kongressen i 2013 der ein gjekk for betre jamstilling mellom språka.

Sundag var dette også emnet på eitt av dei parallelle seminarane. Terje Kollbotn og Haakon Aase gjekk her nærare inn på korleis ein kunne betre samarbeidet mellom dei to rørsleane. Godt vitja var også seminaret der Audhild Gregoriusdotter Rotevatn snakka om Allkunne og sosiale medium. Spørsmåla var så mange at ho knapt nådde gjennom manuset, så interessa var god. I det tredje rommet fekk deltakarane høyre Jorunn Torsby og Erlend Trones snakke om stadnamnlova, og om korleis ein kan arbeide med dette feltet etter at den nye lova har kome. Det siste seminaret dreidde seg om den ferskaste kampanjen i Mållaget, der målet er at vaksne innvandrarar i nynorsk kommunar skal få nynorskopplæring. Anne Kristin Myklebust frå vaksenopplæringssenteret i Gløppen og Hege Lothe frå skivarstova innleidde.

**PERSPEKTIV** Møtelyden fekk også innblikk i målarbeid både på lokalt og nasjonalt nivå. Endre Brunstad frå Universitetet i Bergen og Jorid Saure frå Fjell kommune fortalde om eit prosjekt for å styrkje nynorsken i Fjell. Målet er å stogge nedgangen i talet på nynorskelevar, og det gjennom fleire positive tiltak.

– Målet er å skape engasjement hjå elevane. Vi ynskjer at elevane skal bli stolte av språket sitt, sa Saure.

Litt seinare trekte Åse Wetås opp dei store linjene. I innleiinga var ho innoverende for mange av dei ulike språka som Språkrådet arbeider med. Men til slutt var det trugsmålet frå engelsk som vart halde opp.

– Ein god norsk språkpolitikk legg til rette for og tek vare på språkleg mangfald. Ein god norsk språkpolitikk skal dessutan sikre statusen til norsk språk på alle samfunnsområde, slik at norsk også i framtida er eit samfunnsberande språk og eit naturleg fyrsteval når me skal kommunisere med kvarandre, sa Wetås.

Årsmøtet vart krydra med kulturelle innslag frå øvste hylle. Sigrid Moldestad held ein flott konsert under landsmøtemiddagen, og Helge Jordal krydra kulturkvelden fredag med glimt frå tidlegare sceneframvisningar.

ERIK GROV  
erik.grov@nm.no



## Bergen er ein naturl

**MENN MED MAKT** Under landsmøtet til Noregs Mållag stilte tre «menn med makt», som dei vart introduserte som, til samtale om nynorskbyen Bergen. Ordsiftet om Bergen som hovudstad på Vestlandet har gått den siste veka, spesielt i *Bergens Tidende*.

Sjefredaktør i *Bergens Tidende*, Øyulf Hjertenes, rektor ved Universitetet i Bergen, Dag Rune Olsen, og bystyremedlem i Bergen, Roger Valhammer (Ap), nærast kappast om å skryte av nynorsk, i samtale med Britt Kristin Ese.

– Me kan ikkje vedta at alle bergensarar skal like nynorsk, men me kan gjere mange vedtak som gjer det lettare å vere nynorskbrukar i Bergen.

Det er mellom anna å sikre lærebøker på nynorsk, samle nynorskelevane i eigne klassar, og at bokmålslevar møter nynorsk i andre fag enn norsk, sa Roger Valhammer.

Han var byråd for skule då Bergen bystyre gjorde vedtak om utvida sidemålsopplæring i kommunen.

– Me har eit stykke å gå med barnehagane, men me jobbar med forskingsmiljø om korleis me kan få inn tidleg nynorsk språkstimulering for dei som ønskjer det, held Roger Valhammer fram.

– Alle internasjonalt leiande universitet i verda har lokal forankring i ei eller anna form. Den lokale forankringa til Universitetet i Bergen



# iven



## eg nynorskby

er Vestlandet, proklamerte Olsen, og viste heilt konkret til at dei no har teke over språksamlingane frå Universitetet i Oslo.

Som forskings- og utdanningsinstitusjon er Universitetet i Bergen opptekne av formidling, og Olsen trur mange har mykje å gå på for å skrive meir presist. Han trur nynorsk er eit språk som gjer det lettare å vere meir presis.

Øyulf Hjertenes meiner BT har ei openberr rolle på Vestlandet, og at nynorsk er ein viktig del av det. Han vil ikkje setje mål om ein viss prosent nynorsk, men oppmoder dei som er gode nynorskbrukarar til å skrive nynorsk.

– Me ønskjer å ha ei liberal haldning, og at det er naturleg både å skrive om Torgallmenningen på nynorsk og om Hardanger på bokmål. Fleire av dei beste skribentane våre skriv nynorsk, truleg fordi dei arbeider med språket på ein mindre instrumentell måte, fortalte Øyulf Hjertenes.

– Ein framtidig vestlandsregion vil openbert ha nynorsk som hovudspråk, meiner eg, og då er det brått Bergen som er annleis og i mindretal. Det må me i Bergen ta innover oss, avslutta Roger Valhammer.

MARTIN AARSETH



**Takkar:** – Dette er ei stor glede for meg, og eg takkar også på vegner av østfoldmålet, seier Magne Aasbrenn, nyvald mållagsleiar.

### NYTT STYRE, NY LEIAR Magne

**Aasbrenn** (60) frå Fredrikstad er vald til ny leiar i Noregs Mållag. Han er dermed den fyrste leiaren i Noregs Mållag frå Østfold.

– Dette er ei stor glede for meg, og eg takkar også på vegner av østfoldmålet, seier Magne Aasbrenn.

Nyvald nestleiar er **Jens Kihl** (30) frå Oslo og politisk journalist i *Klassekampen*. Har tidlegare hatt fleire sentrale verv i målrørsla som leiar i Norsk Målungdom og nestleiar i Noregs Mållag.

Dei andre styremedlemene er **Inger Vederhus** (62) oppvaksten i Flora og busett i Bærum, førstelektor i norsk ved grunnskulelærerutdanninga, Høgskolen i Oslo og Akershus; **Inger Johanne Sæterbakk** (34), oppvaksten i Orkanger og busett i Oslo, kommunikasjonsrådgjevar hjå Norges Bondelag; **Peder Lofnes Hauge** (27), oppvaksten på Sandane i Gloppen og busett i Bergen, politisk rådgjevar for sosialbyråd for Venstre i Bergen; **Ingrid Fiskaa** (38), oppvaksten og busett på Bryne, lektor ved Sandnes vgs.

Varafolk: 1. vara: **Haakon Aase** (66), Meland, 2. vara: **Randi Lohndal Frestad** (68), Lista, 3. vara: **Birgitta Lim Erslund** (26), Oslo og 4. vara **Øyvind Fenne** (64), Fræna.

### NYNORSK BARNLITTERATURPRIS 2015 TIL MARIT KALDHOL

Ho vart heidra for boka *Zweet*.

– Eg vaks opp med bokmål i Ålesund, men 14–15 år gamal tok eg eit val. Far min, språkhistoria, enkeltpersonar og Mållaget var viktige støtter for meg, sa Marit Kaldhol i takketalen.



Marit Kaldhol vart heidra med Nynorsk barnelitteraturpris

– Framleis møter eg vonbrotne ålesundarar, som om eg har svikta byen. Difor er eg veldig glad for å få denne prisen, fortalde ho.

– Juryen gjev forfattaren honnør for høge ambisjonar på vegner av ungdomslesaren. Forfattaren fullfører den litterære ideen sin på ein kompromisslaus måte. Alvoret i boka er gripande, samstundes som ei undring og glede over livet og verda ligg i botn av boka, heiter det i grunngjevinga.

Marit Kaldhol er frå Ålesund, og boka er gjeven ut på Samlaget. Juryen har i år vore Margit Ims, Knut Åge Teigen og Marthe Frette. Prisen er eit diplom og 30 000 kroner. Det er Noregs Mållag som står bak prisen, og han vart fyrste gong delt ut i 1968.

### NYNORSK LITTERATURPRIS

**TIL EIRIK INGEBRIGTSEN** Han fekk 2015-prisen for boka *Spikrar frå falande plankar*.



Eirik Ingebrigtsen fekk Nynorsk litteraturpris 2015.

til landsmotesalen då han fekk litteraturprisen.

Dette er den sjuande boka av Eirik Ingebrigtsen. Han er frå Os i Hordaland og bur i Oslo. Boka kom ut på Oktober forlag, Noregs Mållag, Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret står bak prisen, og han er på 30 000 kroner.

Ragnar Hovland, Siri Ingvaldsen og Ingrid Weme Nilsen har sete i juryen for Nynorsk litteraturpris.

– Nynorsk litteraturpris 2015 går til ein forfattar som skriv om omsorg, og om skilnaden mellom det nære og det fjerne. Boka er ei skildring av det norske overflodssamfunnet sett frå utsida. Hovudpersonen, Sven, blir med på ei reise der han får sjå Europa frå romfolkets perspektiv. Det er ikkje eit vakkert syn, skreiv juryen.





– Det har vore mykje hardt arbeid å kome hit, sa ei smilande Kristin Sørsdal då ho fekk Målprisen 2016 av Marit Aakre Tennø.

**MÅLPRIS TIL KRISTIN SØRSDAL** Ho fekk Målprisen 2016 for arbeidet med Napoli-kvartetten av Elena Ferrante.

– Folk tek med seg nynorsken på do, dei snik seg vekk frå familiene sine for å lesa nynorsk. Den litterære opplevinga kjennest som ein feber og alt gjennom prisvinnaren sitt levande språk. Bøkene hadde ikkje blitt ein suksess utan den høge standarden på omsetjinga, sa Marit Aakre Tennø, leiar i Noregs Mållag, då ho overrekte Målprisen.

Omsetjar Kristin Sørsdal vart møtt med ståande applaus då ho tok i mot Målprisen.

– Som de veit, vaklar me sørlendingar med språket. For meg var det viktig å få skrive «eg» og ikkje «jeg», så då vart det nynorsk, sa Kristin Sørsdal då ho tok imot prisen.

– Eg synest denne prisen er ganske fortent. Det har vore mykje hardt arbeid å kome hit, sa ei smilande Kristin Sørsdal.

#### MÅLBLOME TIL HAUKELAND

**UNIVERSITETSSJUKEHUS** Sjukehuset fekk under landsmøtet Målblomen for 2016 frå Noregs Mållag. **Eivind Hansen**, administrerende direktor for Helse Bergen HF, tok imot prisen. Språkbruken ved sjukehuset møtte i byrjinga motstand, men protestane har stilna. Haukeland har vorte eit dome på at det fint går an å bruke nynorsk i Bergen.

– No går det godt, og no fortener me prisen. Om me ein gong ikkje gjer det, kan me sjå til prisen som ein inspirasjon til å skjerpe oss, sa direktor Eivind Hansen i takketalen.

Fleirtalet av kommunane som soknar til sjukehuset brukar nynorsk, og difor skal sjukehuset nytte nynorsk.

– Eg kan stolt fortelje at på det tidlegare Øyebygget lyser no Augebygget mot bergensarar og hordalendingar. Språk er viktig for identiteten, og det er naturleg at me brukar nynorsk, fortalde Eivind Hansen landsmøtet.

**SAMISK OG KVENSKE NAMN** Landsmøtet i Noregs Mållag vedtok kva organisasjonen heiter på sørsamisk, lulesamisk, nordsamisk og på kvensk. Vedtaket var samrøystes.

Gunnhild Skjold, leiar i Studentmållaget i Tromsø, heldt innlegg for landsmøte for framlegget. Det var Studentmållaget i Oslo, Studentmållaget i Tromsø, Studentmållaget i Stavanger, Ås studentmållag, Studentmållaget i Bergen og Studentmållaget i Nidaros som kom med framlegget på landsmøtet. Den nye paragrafen ser slik ut:

§ 2.8 Samskipnaden heiter *Noregs Mållag* på norsk, *Nørøjen Gielesiebrre* på sørsamisk, *Vuona Giellaseiebrre* på lulesamisk, *Norgga Gielasearvi* på nordsamisk og *Norjan Kielijoukko* på kvensk.

# Vedtekne fråsegne

#### NYNORSK MÅ INN I RAMMEPLANEN FOR BARNEHAGANE

Landsmøtet i Noregs Mållag krev at den nye rammeplanen for barnehagane må sikra at alle born, og særleg i nynorskkommunar, får møta nynorsk gjennom språklæringa til barnehagane. Born i nynorske skulekrinsar har spesiell rett til å få grundig kjennskap til nynorsk.

Barnehagane er ein særskilt viktig arena for språklæring. Eit mål med opplæringa er å gjera borna klare til skulestart. Born må ha krav på å bli kjende med språket dei skal læra på skulen. Dagens praksis stettar ikkje eit slikt krav.

Eit grunnleggjande problem er at barnehagelærarutdanninga ikkje tek føre seg korleis barnehagen skal førebu borna på å verta nynorskelevar. Barnehagelærarar får heller ikkje kompetanse i å gi opplæring om og på nynorsk.

I den gjeldande rammeplanen finst alt ei rekkje formuleringar om samiske born sin rett til å møta samisk i barnehagen.

Det viser at språkregulering i barnehagen er mogleg og naudsynt. Ein ny rammeplan for barnehagane skal etter planen verta innført i 2017. Landsmøtet i Noregs Mållag krev at den nye rammeplanen slår fast at born i nynorskkommunar skal ha rett til å møta nynorsk i barnehagen. Dette inneber òg barnehagar i nynorskkommunar, anten dei er offentlege eller private, skal bruka nynorsk i barnehagen.

Stortinget må lovfesta at all opplæringsmaterieil for barnehagen skal vera tilgjengeleg både på nynorsk og på bokmål. Med desse tiltaka kan me leggja til rette for at framtidige nynorskelevar vert trygge språkbrukarar, og med det sikra den nynorske framtida.

#### NYNORSK FOR VAKSNE INNVANDRARAR

Noregs Mållag sette hausten 2015 i gang kampanjen «NyNorsk – kampanje for nynorskopplæring for vaksne innvandrarar». Ikkje lenge etter gjorde fem kommunar vedtak om dette: Voss, Ullensvang, Hjelmeland, Årdal og Flora. Det er no 42 kommunar med nynorskopplæring for vaksne innvandrarar.

Folkeveksten i landet vårt kjem i dag av innvandring. Innvandrarar er viktige tilflyttarar for heile Distrikts-Noreg. Det er viktig at dei som buset seg i nynorskkommunar, lærer seg det lokale språket. Nynorskopplæring av innvandrarar vil setja dei betre i stand til å forstå norske dialektar og såleis verka til betre integrering.

Noregs Mållag oppmodar alle nynorskkommunane om å gje nynorskopplæring til vaksne innvandrarar.



Ikkje eit landsmøte utan eigenreklame. Janne Nygård deler pågåande ut materieil

#### NYNORSK I BERGENSSKULEN

Landsmøtet i Noregs Mållag vil rosa byrådet i Bergen for å gje nynorsken ein sentral plass i den politiske plattformen si. Det er viktig å leggja til rette for nynorsk i barnehage og skule, både i Bergen og i randsonene utanfor Bergen. Landsmøtet ber om at nynorsk språk og kultur får ein tydeleg plass i den endelege behandlinga av skulebruksplanen.

Landsmøtet i Noregs Mållag meiner at:

- Elevar med nynorsk som hovudmål må få behova sine ivareteke på alle klasseteg, inkludert ungdomsskule.
- Det må leggjast til rette for betre informasjon om og oppretting av nynorskklassar.
- Skulane Riple og Haugland må ikkje leggjast ned.
- Elevar med bokmål som hovudmål må få møta nynorsk språk og kultur gjennom tidleg opplæring skriftleg og munnleg frå dei fyrste trinna på barnesteget.

#### MEIR NYNORSK I ARBEIDSLIVET OG FAGRØRSLA

Arbeidet i fagrørsla har vore ei prioritert sak på landsmøtet til Noregs Mållag i 2016. LO-sekretær Are Tomasgård deltok på landsmøtet

og inviterte landsmøtet til meir samarbeid.

Noregs Mållag ser på samarbeidet med fagrørsla som særskilt viktig for å konsolidera stillinga for nynorsken, og for å oppnå framgang. Kontakt og samarbeid med fagforbunda i og utanfor LO vil såleis vera ei prioritert oppgåve. LO-kongressen sitt krav om språkleg jamstilling må vera styrende for dette arbeidet.

Oppgåver for mållaga i samarbeid med fagforbunda, og deira foreiningar og klubbar, vil mellom anna vera å arbeida for meir nynorsk på arbeidsplassane. Særleg er det viktig at verksemder i område der nynorsken elles står sterkt, brukar nynorsk både internt og eksternt. Gode døme på dette må framhevast. Men også i dei store byane der bokmålet i mangt dominerer, er det viktig å forsvara rettane til dei mange tusentals menneske som har eller har hatt nynorsk som opplærings- og bruksmål og som har rett til å sjå sitt eige mål i dagleg bruk. Etter mållaget sitt syn vil dei tilsette sine organisasjonar kunna spela ei nøkkelrolle i å forsvara og betra nynorsken sin plass i arbeidslivet. Organisasjonane har også ein jobb å gjera i eigne rekkefjer når det gjeld å forsvara nynorsken sin naturlege plass i



# r landsmøtet 2016



om den pågåande NyNorsk-kampanjen. Foto: Per Henning Arntsen

lagslivet. Dette handlar i sin inste kjerne om å ta vare på medlemmene sine interesser.

Det er viktig at nynorsken er i bruk i alle samanhengar der skriven tekst er med. Det kan gjelda alt frå skilting, bedriftsinformasjon, internkontroll- og styringssystem og interne skjema i bedriftene til fagorganisasjonane sitt informasjonsmateriell, tariffavtalar og regulativ, nettsider, medlemsblad, medlemskort, medlemshandterings- og saksbehandlingsprogram, søknadsskjema, automatisk genererte svarbrev osv.

Mållaget arbeider med å etablere eit fagleg nettverk. Nye samarbeidsrelasjonar vil bli etablerte, og nye initiativ vil bli tekne. Vi oppmodar heile fagørsla til å hjelpa og stø oss i dette. LOs jamstillingsvedtak er ein god start. Vi ynskjer at dei ulike forbunda på sine landsmøte og LO-kongressen i 2017 skal vedta meir forpliktande handlingsplanar for å styrkja nynorsken i egne rekkjer og på arbeidsplassane.

Landsmøtet i Noregs Mållag ser fram til framhaldet av sam-arbeidet med LO og resten av fagørsla, og vonar at dei to rørsleane saman kan syta for at nynorsken kan brukast for arbeidarane sine rettar.

**TO JAMSTELTE EKSAMENAR I NORSK** Landsmøtet i Noregs Mållag krev at elevane som går ut

or den vidaregåande skulen tredje året, vert prøvde i to obligatoriske prøvar i norsk. Den eine prøven skal vera i nynorsk og den andre prøven skal vera i bokmål.

Landsmøtet i Noregs Mållag krev difor at den vidaregåande skulen får tilbake den gamle ordninga med to jamstelte og likeverdige norskeksamener – på to ulike dagar – det året elevane går ut or den vidaregåande skulen.

#### LÆREMIDDEL FOR VAKSNE

**INNVANDRARAR** Mangel på oppdaterte læremiddel har vore ein viktig grunn for mange kommunar til ikkje å innføra nynorsk som opplæringsmål for vaksne innvandrarar.

Landsmøtet i Noregs Mållag krev at Stortinget lovfester at lære-bøker og læremiddel for vaksne innvandrarar kjem ut på bokmål og nynorsk til same tid og same pris.

#### NYNORSK I OFFENTLEGE AN-

**BOD** Kommunar med nynorsk som tenestespråk sikrar lik og føreseieleg bruk av språk for innbuarane. Men når tenester vert lagde ut på anbod og private verksemdar tek over kommunale oppgåver, fell bruken av nynorsk ofte ut. Private verksemdar har ikkje plikt til å føre ei språklinje eller ein språkpolitikk. Då er språkbruken ofte tilfeldig, eller vert lagd opp etter overordna føringar eller vanar. Som regel endar mange

opp med bokmål i det som eigentleg er eit nynorskområde. Dette kan gjelde til dømes private barnehagar, kollektivtilbod, ferjesamband, energiselskap, reinhaldsverk, helseteneste eller IKT-tenester.

Noregs Mållag oppmodar nynorskkommunar til å krevje at dei som leverer anbod og tenester, brukar nynorsk.

Problemet har vorte synleg mellom anna der private barnehagekjeder tek over drifta av kommunale barnehageplassar i nynorskkommunar. Der er mange dome på at dei private verksemdene nyttar bokmål. Ofte er dette eit av dei tidlegaste møta både foreldre og born har med ei offentleg teneste. Verksemdene har eit ansvar for medviten bruk av språk frå barnehage til ungdomsskule.

#### STORTINGET MÅ ENDRA OPP-LÆRINGSLOVA FOR Å SIKRA ODDAMODELLEN SOM NASJONAL ORDNING

Landsmøtet i Noregs Mållag oppmodar Stortinget om å be regjeringa om å fremja framlegg til endring av opplæringslova paragraf 2-5, fjerde ledd, om å utvida retten til parallellklassar i bokmål og nynorsk til også å gjelda ungdomstrinnet.

Landsmøtet stor difor Odda kommune sitt initiativ overfor stortingsrepresentantar, ikkje minst frå Hordaland, om å få reist eit felles representantforslag til endring av opplæringslova paragraf 2-5, fjerde ledd, til å gjelda heile grunnskulen.

Oddamodellen er eit permanent parallellklasser-system tilpassa språkdelt område. Parallellklasseordninga tek vare på rettane til elevane og foreldra om målval. Den hindrar språkstrid og stimulerer læremiljøet i skulen og særleg på ungdomssteg.

Innføring av parallellklasser-system på ungdomssteg er ikkje noko anna enn ei utviding av eksisterande ordning på barnesteg.

Storleiken på gruppene må vera dei same for ungdomssteg som for barnesteg, det vil seia minst ti elevar. Opplæringslova paragraf 2-5 seier «når minst ti elevar på eitt av årstrinna 1-7 i ein kommune ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det som er vedteke, har dei rett til å tilhøyra ei eiga elevgruppe.» Der dette gjeld færre enn ti ungdomsskuleelevar, må desse likevel ha rett til å gå i same klasse.

Språkdelt klassar i alle teoreiske fag på ungdomssteg, som er ein del av Oddamodellen, førebyggjer i praksis målbyte både ved overgang frå barne- til ungdomssteg og frå ungdomssteg til vidaregåande skular.



Geir Larsen frå Lofthus fekk stipend for å utvikle språklæringsappar på nynorsk. Foto: Berit Krogh

## Stipend til språk-app og matblogg

Noregs Mållag deler kvart år ut to stipend på 50 000 kroner. Stipenda var ei gåve frå Kulturdepartementet ved 100-årsjubileet til Mållaget i 2006. I år vart dei delte ut under landsmøtet i Bergen.

**Geir Larsen** frå Lofthus i Hordaland fekk eitt for å utvikle språklæringsappar på nynorsk. Med utbreidd bruk av digitale læringsverktøy meiner Mållaget det viktig at nynorsk heng med på den arenaen.

– Ved å lage appane gjer eg min del, men dei må brukast òg. Det håpar eg dei vert, seier Geir Larsen.

Prosjektet går ut på å produsere nynorske versjonar av fire ulike pedagogiske appar og gjere dei tilgjengelege for sal. Appane legg opp til at brukarane får språktrening gjennom spanande oppgåver.

Med marknadsføring på sosiale medium, ulike nettstader og søkjemotorar ynskjer han å nå ut til nynorskbrukarar og såleis bidra til å styrkje nynorsk språkbruk. Geir Larsen har lang erfaring med å utvikle programvare for undervisning, og har mellom anna samarbeidd med Fagbokforlaget om distribusjon av slik programvare.

**MATBLOGG Anita Stokke Blomvik** frå Ørsta står bak matbloggen kvardagsmat.no, ein av få matbloggar på nynorsk. Ho fekk det andre stipendet.

– Mållaget meiner bloggen til Anita Stokke Blomvik er eit godt bidrag til meir nynorsk i kvardagen både for nynorsk- og bokmålsbrukarar, sa Marit Aakre Tennø, då leiar i Noregs Mållag.

Med stipendet vil ho saman med eit digitalt byrå arbeide med å utvikle nettsidene, slik at matbloggen vert meir tilgjengeleg i søkjemotorar. Dei fleste som søker etter oppskrifter på nettet, gjer det på bokmål.

– Tidlegare i dag såg over 1000 menneske meg ta flyet frå Hovden, og dei lurar nok fælt på kva som hender vidare. Kan de hjelpa meg, spurde Anita Stokke Blomvik møtelyden. Ho spelte inn video på Snapchat og fortalte om stipendet med ein jublande møtelyd i bakgrunnen.



– Det blir moro, men børå skal berast, seier  
**Magne Aasbrenn**, nyvald leiar i Noregs Mållag

# Klar til dýst

– Det fyrste tida som leiar har nok vore prega av at eg har hatt to jobbar, seier Aasbrenn medan me ruslar frå Frederik II VGS der han snart skal gje seg, til huset i Bjørndalen der han bur. Han kunne ikkje gje seg midt i eit semester.

– Det har vore situasjonar der pressa har ringt midt i timen. Stundom har eg førebudd elevane på at eg truleg må gå ut i gangen for å ta imot ein telefon. Det har dei sjølv-sagt ingenting imot, for då kan dei jo sjekke sine egne telefonar. Nokre gonger har det vore litt vanskeleg å skifte tone frå den eine samtala til den andre. I klasserommet kan me vere i gang med ein samtale om integrering i Oslo, og så må eg svare på spørsmål frå ein journalist om ei mogleg kommunesamanslåing mellom Sel og Vågå. Eg har nok vore litt distré desse vekene, seier Aasbrenn.

## FRÅ DIALEKT

**TIL NYNORSK** Når Norsk Målungdom er ute i skulane for å snakke varmt om nynorsk, er sjølv-sagt elevane den viktigaste målgruppa. Men bak i klasserommet, gjerne sitjande på ein stol med armene i kross, finn dei læraren. Målungdomen kan ikkje vitje alle skular og elevar kvart år. Men om dei greier å plante litt vit hjå læraren, kan dei håpe på at ho kan gjere litt av jobben.

Sjeldan har vel denne planen slått meir til enn då læraren bak i klasserommet var lektor Magne Aasbrenn. Allereie på gymnaset skreiv han songar på Fredrikstad-dialekt. Under eit opphald i London vart han veldig oppteken av boka *The Catcher in the Rye* av J. D. Salinger. Den er full av slang og lokale uttrykk, og Aasbrenn kom på at han skulle skrive ein ungdomsroman på dialekt. Resultatet vart *Banna ben*, som kom ut 1978. Sidan banka dialekt hjarta vidare. Heilt til denne vitjinga frå Målungdomen.

– Å skrive på dialekt har heile

## » MAGNE AASBRENN

- ▶ Er fødd og bur i Fredrikstad
- ▶ Lektor ved Frederik II VGS sidan 1985
- ▶ Leiar i Østfold Mållag sidan 2002

vegen falle lett for meg, seier Aasbrenn.

– Men det finst ingen klare rårmer. Du kan nesten skrive lydskrift, eller så skriv du rett med innslag av nokre få dialektord. Medan eg sat og retta sidemålstekstar, slo det meg at nynorsk rettskriving og bøyingsmønster var påfallande likt fredrikstadmålet. Det var berre å byte ut æ-en med a. Ein gamal kollega sa at fredrikstadmålet er nynorsk utan «eg» og «ikkje».

Så Aasbrenn byrja å skrive nynorsk. Ikkje alltid, men ein hand-lapp der og i ei hyttebok der. Det gjekk om ein annan. Etter kvart vart han lei av denne vekslinga, og landa ned på nynorsk. Og med det opna det seg ei ny verd. Han var med på skipingsmøtet til Østfold Mållag i Askim i 1989, og snart var han meir og meir involvert. I 1998 var han leiar i arrangementskomiteen då landsmøtet i Noregs Mållag vart skipa til i Fredrikstad. Frå tidleg på 2000-talet har han vore leiar i Østfold Mållag. Planen var å sitje i den posisjonen enno nokre år. Men så vart han brått spurdt om bli leiar i Mållaget. Som den fyrste frå Østfold. Noko også naboane har fått med seg.

**GLADE NABOAR** – Det som over-raska meg, er at folk i nærmiljøet har vore så rause med gratulasjonane. Dei er ikkje akkurat målfolk, men veit eg har halde på med dette så lenge at dei skjønner at dette er moro for meg. Samstundes veit

dei at Noregs Mållag held på med dialektar og slikt, og dette syner at østfolddialekta er inne i varmen, at det er ei skikkeleg dialekt. Det trur eg gler dei.

– Gler du deg?

– Å, ja. Om eg ikkje hadde blitt spurdt, så hadde eg uansett ein tanke om å gå av på AFP, og drive meir med målsak utan løn. Det er utruleg moro, det er ei glede og eg har hovudet full av idear.

– Kva blir den største skilnaden?

– Det er meir ansvar. Det er tolv tusen medlemmer, og eg har ikkje lyst å trakke nokon på tærne. Så i starten må eg vere forsiktig. Då eg stod fram som målmann tidleg på 90-talet ein gong, kunne ikkje Georg Apenes skjønne kvifor eg ville meg så vondt. «Det er jo som å gå på holke i oppoverbakke i motvind», sa han. Men så er det altså tolv tusen personar i dette landet som er villige til å gå på holke i oppoverbakke i motvind, og det skal ein ha respekt for.

– Er du uroa?

– Eg har røter frå Østerdalen, og eg har nok litt av både Solan og Ludvig i meg. Det blir moro, men børå skal berast. Eg er ikkje redd for kvardagen, men det kan kome utspel frå motstandarane våre, det kjem eit stortingsval, det kan bli tøffe tak. Den førre leiinga har styrt laget i ei tid med ei blå-blå regjering, og me har framleis obligatorisk sidemålsundervisning i skulen og grunnlova har kome på nynorsk. Det er så store ting at det ikkje berre er enkelt å kome etter slike prestasjonar. Men eg har erfaringar som er til hjelp, eg kan noko om leing. For å seie det på bokmål: ledelse. Du skal kunne LE, du skal kunne DELE og du skal kunne SE. Humoren må jo vere med, eg kan ikkje berre vere stram og gravalvorleg. Men eg treng litt tid på meg. I mørke stunder tenkjer eg at dette er litt skummelt. Men som bestefaren min sa det: Den skal gjere lite som aldri gjer noko gale.

**STABILT MÅLLAG** Aasbrenn er glad for at han har blitt leiar i ei tid med oppgang i medlemstalet og ein harmonisk organisasjon.

– Eg er veldig glad for at eg ikkje har merka nokon indre strid, slik det var døme på tidlegare. Det er slike

ting som ein som kjem frå utsida ikkje veit så mykje om. Men eg har enno ikkje funne nokre skjelett i skapet. I staden er eg glad for at det spirer og gror, og eg er veldig glad i Målungdomen. Det er noko med å kaste seg ut i det, slik som dei ved Katedralskulen i Oslo gjer. Å stå på for nynorsk der er imponerende.

– Er det der kampen står?

– Det er i nynorskområda den viktigaste kampen står, me har ingen skansar å miste. Det må eg berre innsjå. Østfold er ikkje noko sentrum for nynorsken. Samstundes kan eg setje meg inn i det å vere far til ein unge i Tysvær. Om eg veit at det er greitt for dottera mi å halde fram med å skrive nynorsk om ho flyttar til Oslo, så støttar eg at ho har nynorsk i Tysvær. Om vi gjer det kurant å bruke nynorsk alle stader i landet, gjev det mindre press i kjerneområda. Difor tenkjer eg at t.d. NRK er veldig viktig, nettsidene deira er viktige og alle andre nasjonale medium som nyttar nynorsk. Av dei kampanjane som har vore, er det nok «Slepp nynorsken till» eg har sett mest pris på. Du ser jo at t.d. Klassekampen har opna godt opp for nynorsk, og den avisa går så det grin.

– Noko som sjølv-sagt er uteluk-kande nynorsken si skuld.

– Det er i alle fall ikkje noko hinder. Eg skriv artiklar i *Fredrikstad Blad* på nynorsk, eg har eit lite forlag som gjev ut bøker på nynorsk, eg skriv nynorsk i facebookgrupper. Det er ingen sinte reaksjonar. Nyleg spurde eg etter bruken av eit dialektord, og fekk 291 svar. Berre tre hadde noko negativt å seie om at eg stilte spørsmålet på nynorsk.

– Kan hende den bratte bakken ikkje er fullt så bratt?

– Det trur eg heng saman med at samfunnet er fullt av kultur. Du kan ikkje vere for kultur mangfald og samstundes vere imot nynorsk. Det går ikkje heilt i hop. Kronargumentet til dei som er imot innvandring, er at dei er uroa for norsk kultur. Men samstundes er mange av dei imot nynorsk. Det går heller ikkje godt i hop. Nei, så du kan ha rett. Om eg er heldig, så treffer eg ei bylgje og får æra.

KJARTAN HELLEVE  
 kjartan.helleve@nm.no

“ Det er i nynorskområda den viktigaste kampen står, me har ingen skansar å miste





Norsk  
**IKERBLAD**  
Landets flotteste

**TIEDEMANN'S TOBAK**



The Curious  
Cook's  
BIBLE



I vår vart **Det juridiske fakultet** ved Universitetet i Bergen heidra med ein målpris. Det er eit teikn på kor godt det står til med nynorsken innanfor jussen.

# LOVNMÅL

**I APRIL VAR DET ALLMØTE** ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen. Strategiplanen skulle diskutert, men det var også tid til prisutdeling. Gunhild Lauvsnes og Brita Helleland frå Juristmållaget stilte seg opp, inviterte prodekan Berte-Elen R. Konow fram, og las ei grunngjeving:

«Juristmållaget har gitt Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen Målprisen 2015. Fakultetet får målprisen på grunn av den aktive støtta dei gjev til nynorskskrivinge studentar ved studiestart. Det er gjeve klare oppmodingar frå tilsette om å halde på målforma, og det har vore organisert nynorske arbeidsgrupper sidan hausten 2009. I tillegg har fakultetet gode arbeidsvilkår for vitenskapleg tilsette som brukar nynorsk.»

– Eg vart gledeleg overraska, fortel Konow nokre veker seinare.

– Eg trudde slike prisar berre gjekk til forfattarar, og ikkje til institusjonar. Det er stas at nokon verdset arbeidet vårt på denne måten.

– Kvifor er dette så viktig for fakultetet?

– Språk er den viktigaste reiskapen for juristar, og nynorsk er eit godt juristspråk. Desse nynorskgruppene har fyrst og fremst ein funksjon i overgangen frå vidaregåande skule til studium. Det ville vore synd om studentar skulle slutte å skrive nynorsk berre av di dei skal studere juss i Bergen. Nynorsk har ein naturleg plass i jussen, men det er ikkje alltid lett å sjå frå utsida. Difor er det godt med slike fellesskap i byrjinga. I det studentane kjem skikkeleg i gang og opnar bøkene, finst det knallgode førebilete både i forskingslitteraturen og i undervisningslitteraturen.

– Kva meiner du med «godt juristspråk»?

– Eg trur det er enklare for nynorskskrivinge å ikkje gå i kansellispråkfella. Som student er det lett å late seg påverke når ein arbeider med stortingsproposisjonar og gamle lovframlegg. Ein tek med seg ord som «således» og «dog», og brått skriv ein lange innskotne bisetningar. Det blir formalistisk, oppstylta og alt anna enn klart. Nynorsk ligg i utgangspunktet lenger frå dette kansellispråket, og

difor er det nok enklare ikkje å late seg påverke. Det verkar som om det er enklare å setje punktum for nynorskjuristar, seier Konow.

## STYRKJER

**FAGSPRÅKET** I 2006 byrja Juristmållaget å dele ut målpris. Prisvinnarane var lenge einskildpersonar som hadde gjort ein ekstra innsats innan faget, og det var ikkje så vanskeleg å finne kandidatar. Påfallande ofte gjekk prisen til tidlegare leiarar og i alle fall medlemmer av laget. Det var mest på veg til å bli ein slags heiderspris. Men i fjor gjekk prisen til nemnda som sette om Grunnlova til nynorsk, og i år gjekk han altså til eit fakultet.

– Me har nok sett same tendensen, utan at det har vore så viktig, seier Dag Bjørke Bremer, leiar i Juristmållaget

– Det handlar om å gje heider til dei som fortener det. Prisen til Graver-utvalet for arbeidet med Grunnlova var heilt naturleg, og det same vil eg seie om denne prisen. Desse gruppene har vore der ei stund, og me ser at dei fungerer godt. I tillegg har fakultetet gode arbeidsvilkår for vitenskapleg tilsette som brukar nynorsk, og studentar blir oppmoda om å halde på språket sitt, så dei fortener verkeleg prisen, seier Bremer.

Han studerte sjølv i Bergen, men då var det ingen slike nynorske arbeidsgrupper. Planane var der, men det var òg ein viss skepsis til å samle nynorskbrukarane på denne måten.

Det vart stilt spørsmål om dette var ei realistisk arbeidstrening, men då gruppene kom i gang i 2009, fekk dei gode tilbakemeldingar. Ikkje minst har dei gjort det lettare å halde på nynorsken inn i studia.

– Folk kan vere på vippen om dei har lyst til å flagge seg sjølv som nynorskbrukar, seier Bremer.

– Det er eit press der, og då er det er sjølv sagt til hjelp å treffe andre som skriv nynorsk, men dette er berre det sosiale. Eg har bladd i mine egne notat frå same tida, og dei er skrivne på nynorsk og gruppeleiareren skreiv nynorsk. Dette var aldri eit emne, det vart aldri problematisert. Det er sjølv sagt fint, men i desse nye gruppene er det råd å løfte opp problemstillingar knytte til språkbruk og nynorsk, seier han.

Det er fleire av deltakarane frå desse gruppene som har funne vegen til Juristmållaget, og ikkje minst til skriveseminara dei kvart år skipar til på Haugastøl. Det fyrste fann stad i 2004 og var eit teikn på at laget var i ferd med å reise seg. No tel laget godt over hundre medlemmer.

**NYNORSKE LOVER** I eit kontor heilt oppunder taket i Domus Media og nokolunde rett over Universitetets aula i Oslo sit professor Kåre Lilleholt. Han studerte i Bergen og vart seinare professor både ved universitetet der og på Noregs Handelshøgskole, før han hamna i Oslo. Han har òg vore medlem av Språkrådet

“ Om du ikkje likar nynorsken, bør du truleg heller finne deg noko anna å halde på med.

Kåre Lilleholt





# NOREGGS LOVER 1687-2001

Illustrasjon: Pladask/Wikimedia/Norsk Tidend



– Det handlar om å gje heider til dei som fortener det, seier Dag Bjørke Bremer, leiar i Juristmållaget.

og vore leiar for nynorskseksjonen der. Då Juristmållaget byrja å dele ut målpris, var namnet hans langt opp på lista. Då han fekk prisen i 2008, heitte det at han er «ein føregangsmann i å utvikla omgrepsapparatet på nynorsk i bøkene og artikkane sine» og at han er «ei levande inspirasjonskjelde for jusstudentar som ønskjer å skriva nynorsk.»



Professor Kåre Lilleholt blir interessert i gamle notatbøker som tilhørde Nicolaus Gjelsvik.

Lilleholt meiner at desse gruppene i Bergen og skriveseminara på Haugestøl er eit klårt gode.

– Om du som jurist skal halde på språket inn i yrkeslivet, må du ha interesse for språk, og tid og energi til å gjere ein ekstra innsats. Det er ein innsats du får betalt for. Det er vanskeleg å vite kva som er årsaka eller verknaden her, men det er klårt at



– Eg prøver å skrive å vere litt meir moderne nynorsk enn tidlegare, seier høgsterettsdommar Knut Arne Utgård.

det krev eit fagleg overskot. Då er du allereie på god veg.

Sjølv for studentar i Oslo er nynorsken ein del av kvardagen. Lilleholt fortel at det får svært få reaksjonar.

– Nynorsken er så sjølvsgd at ingen reagerer på han. Studentane møter nynorsk tidleg i utdanninga, og det er ein naturleg del av studiet.

Om du ikkje likar nynorsken, bør du truleg heller finne deg noko anna å halde på med. Om orda er eit problem, må du berre lære deg dei.

Han meiner at det også står bra til med nynorsken i lovverket, utan at det finst sikre tal på det. Tidlegare vart språket i lovene avgjort av språket til den politikaren som var saksordførar i Stortinget. No er normalen at det er departementa som avgjer kva språk eit lovframlegg kjem på.

– Me har hatt fleire fasar, fortel Lilleholt.

– Me hadde ei tid då ein rekna med at nynorsken skulle vinne fram av seg sjølv. Seinare har optimismen lagt seg litt, og særleg etter krigen har vel denne optimismen blitt erstatta av ei tru på mållova, men mållova omfattar ikkje lovgjevinga. Derfor har det nok vore litt tilfeldig og mykje opp til det som hender i Stortinget. Men dei siste tretti åra har det blitt meir tilsyn av målbruken i departementa. Språkrådet har fått ei ny og meir aktiv rolle, og det blir ført statistikk. Over tid har det vore til hjelp at departementa heile tida blir minte om dette. Dei blir møtte med tal og prosentar, og dei blir målte opp mot andre departement og organ. Det gjer at nynorskprosenten i

Foto: Noregs Høgsterett





Målprisen vart delt ut under eit allmøte ved Det juridiske fakultet. Her er prodekan Berte-Elen R. Konow flankert av Gunhild Lauvsnes og Brita Helleland frå Juristmållaget. Foto: Synne Slettebo

lovene held seg stabil, trass i at det ikkje finst reglar for dette.

– Er det ein styrke at me har gjeldande lover som berre finst på nynorsk?

– Det ville vore mange fleire lover på nynorsk om me hadde hatt eit system der lovene kom parallelle på baa språka, men det er bra at me ikkje har eit slikt system. Då ville bokmålslovene blitt dei mest brukte, og nynorskutgåvene gløymde. Om du ser på andre land med slike parallelle lover, så er det dei som blir skrivne på det mest dominerande språket som er dei mest brukte.

**INGEN FAST MAL** – Har nynorsk skulda for at lovspråket har blitt klårare?

– Det er vanleg å hevde det, men det er vanskeleg å seie det sikkert. Det er ikkje vanskeleg å skrive innfløkt på nynorsk, og det er råd å skrive klårt og greitt på bokmål. Men utviklinga av nynorsk juridisk

fagspråk var med på å påverke litt i alle fall. Seinare har me fått dette med klårpråk, som ikkje er eit særnorsk fenomen. Dette blir det arbeidd med i mange land. I Frankrike har dei til dømes akkurat vedteke ei ny utgåve av Code Civil, som erstatta den originale frå 1804. Der har dei freista å skrive kort, enkelt og presist, noko som også var intensjonen då lova fyrst vart skriven. Det skulle vere råd for alle å forstå henne, ikkje berre for spesialistar. Det er eit demokratisk ideal som ikkje er sjølvsgagt.

– Det er likevel ulike stilar i lovframlegga?

– Det kan det vere, men slik er det jo utanfor lovverket også. Det er den valfridomen som finst i språket. Det betyr ikkje at nynorsk er eit personleg påfunn. Det tykkjer eg folk aktar litt for lite på. Det å ha to målformer er no sjølvsgagt og er ein normal situasjon. Slik var det ikkje for ein del ti-år sidan.

– Men stundom må ein også gå utanom rettskrivinga?

– I lova om burettslag så blir jo ordet «andel» nytta, trass i at det ikkje står ordboka. Men det er presist og har vore nytta heile vegen. Det er den vanlege nemninga. Då vart me ringde opp av folk som meinte at dette var ein skandale.

– Kven er det som har det siste ordet i slike spørsmål?

– I dette tilfellet leigde departementet inn ein språkkonsulent. Lova var nok skriven på relativt konservativt nynorsk, og det endra denne språkkonsulenten på. Men «andel» fekk stå. Det er ei utfordring for eit så lite språk at sidan det blir produsert relativt lite fagspråk, så er det verre å etablere ei fagnorm. Det hadde vore ein styrke om ein kunne samle seg om ei fagnorm, men det er ikkje slik den norske målreisinga er. Det næraste ein kjem, er tekstane Knut Arne Utgård skriv i Høgsterett. Vala hans er viktige, og mange tenkjer at om det er slik dei skriv i høgsteretten, så kan eg også skrive det same. Men posisjonen hans er også viktig som signal. Nynorsk er inga hindring for å nå høgt på strå, seier Lilleholt.

**VAR VENTA** I 1999 tiltredde Knut Arne Utgård stillinga som høgsterettsdommar, som den fyrste nynorskskrivande. Rett nok var Knut Robberstad konstituert høgsterettsdommar på byrjinga av 50-talet og skreiv ein fire-fem sider på nynorsk. Men Utgård er den fyrste som er fast utnemnd. Han

tok juridisk embetseksamen i Oslo, arbeidde ei stund hjå regjeringsadvokaten og hadde i mange år eigen advokatpraksis på Hamar. I 2002 gav han ut *Juridisk og administrativ ordliste*, ei oppslagsbok som framleis sel godt, og som kjem i ny utgåve i år.

– Eg trur institusjonen berre venta på at det skulle skje, fortel Utgård.

– Det var ikkje eingong noko dei skulle takle. Det har aldri vore eit emne, og det har aldri blitt stilt spørsmål. Det har vore heilt sjølvsgagt.

– Og korleis har det vore for deg som høgsterettsdommar?

– Det kan tidvis vere krevjande, for her i huset skal alt vere nøyaktig og rett. Som advokat kan du tillate deg å vere litt mindre nøyaktig. Dette var i si tid mykje av grunnen til at eg laga ordlista. Det var til dels for å utvikle og presisere ord og uttrykk på nynorsk. Det mest krevjande er når du i utgangspunktet sit med ein tekst på bokmål, og så skal du gje han att mest mogleg presist. Om du kan skrive frå grunnen av med eigne ord, er det enklare.

– Er du medviten om at mange ser til det språket du nyttar?

– Når eg skriv noko på nynorsk i Høgsterett, så er det reint faktisk det siste ordet. Då er det godteken språkbruk, det har ein autoritativ funksjon. Så du har nok rett i at mange tenkjer at om eg kan skrive slik i Høgsterett, så kan dei også skrive slik. Men det er ikkje tilfeldig at Det juridiske fakultet i Bergen får denne prisen frå Juristmållaget. Sist eg såg etter, kom eg til

“ Når eg skriv noko på nynorsk i Høgsterett, så er det reint faktisk det siste ordet. Då er det godteken språkbruk, det har ein autoritativ funksjon.

Knut Arne Utgård





Den nynorske arbeidsgruppamøtest kvar torsdag.  
Foto: Veronica Ljosheim

“Då eg tok til å studere i 1970, var det ikkje så mange nynorske føredøme. I dag er det mykje lettare å få auge på dei.

Knut Arne Utgård

at det er sju professorar som skriv nynorsk der. I tillegg har me eit par i Oslo, og me har ein god del som er på veg oppover. Så det juridiske fagspråket utviklar seg på mange område.

#### MODERNISERER

**SPRÅKET** – Er det eit problem at det ikkje finst ei stram norm å gå etter?

– Det kan vere ei utfordring å finne rett toneleie. Til liks med generasjonane før meg som hang fast i sin nynorsk, sit eg fast i min. Eg skriv sjeldnare dommar enn før. I Høgsterett har eg no dels litt andre funksjonar. Men når eg skriv, prøver eg å vere litt meir moderne enn tidlegare. Eg har t.d. gått over til å skrive «erstatning» i staden for «skadebot». Det har eg gjort etter innspel frå litt yngre juristar.

– Og det er på det viset språket utviklar seg?  
– Nicolaus Gjelsvik og til dels Knut Robberstad skreiv ein så krevjande og klassisk nynorsk at det vart vanskeleg for andre å fylgje opp. Frå 50-talet kom Sivillovbokutvalet, som utarbeidde fleire viktige framlegg til lover på nynorsk. Desse framlegga kom på ein nynorsk som var praktisk mogleg å bruke for andre. Dette var viktig for nynorsk som rettspråk. Om desse framlegga hadde kome i ei arkaisk språkdrakt, spørst det korleis utviklinga hadde gått vidare.  
– Kva tenkjer du sjølv?  
– Eg prøver å halde meg innfor rettskrivinga, men eg kan

ikkje fylgje ho slavisk. Det er mange av dei orda me nyttar her, som Språkrådet ikkje har grunnlag for å meine noko om. Det er det same for dei som held på med mange andre fagfelt. Det er utenkjeleg at Språkrådet skal meine noko om nynorsk fagspråk innanfor alle fagfelt.

– I Burretslagslova blir ordet «andel» nytta. Det tipper eg dei ikkje er så glade for.

– «Andel» må finnast i nynorsk. Du kan meine kva du vil om kor vidt det er eit bokmålsord eller eit fellesord, men du må ha ordet.

– Men det står ikkje i nynorskordboka?

– Kva så? Er det Språkrådet som avgjer jussen? Me kan ikkje klare oss utan den nyansen som ligg i det ordet.

– Korleis har nynorsk det i jussen for tida?

– Då eg tok til å studere i 1970, var det ikkje så mange nynorske føredøme. I dag er det mykje lettare å få auge på dei. Særleg i akademia i dag er nynorsk i ein heilt annan situasjon. Sjølv om det ikkje er veldig mange dommarar som skriv nynorsk, så hender det at me får inn saker hit der dommen er skriven på nynorsk, både i tingrett og i lagmannsrett. I tillegg kan advokatane på bae sider ha skriva nynorsk. Dette gjeld også advokatar som arbeider i store kommersielle firma i Oslo. Så eg vil seie at det står bra til, seier Utgård.

KJARTAN HELLEVE  
kjartan.helleve@nm.no

## Hjelper kvarandre med nynorsk fagspråk

**KVAR VEKE DELTEK** Ingrid Handeland i ei nynorsk arbeidsgruppe på fakultetet. – Skal du vere jurist, har språk svært mykje å seie, meiner ho. Det er like før lunsjtid torsdag formiddag. I seminarrom D i dei mellombelse brakkene bak Sydneshaugen skole er åtte studentar akkurat ferdige med si første arbeidsgruppe i tingsrett. På veg ut i haustsola diskuterer dei kva for konsekvensar statsbudsjettet vil ha for nynorske papiraviser, ettersom regjeringa vil kutte 50 millionar i pressestøtta.

Igjen sit Ingrid Handeland og Anne-Lovise Christensen Nybakk. Ingrid er på sitt andre studieår på integrert masterprogram i rettsvitenskap. Dette semesteret valde ho å bli med i ei nynorsk arbeidsgruppe, ei gruppe Anne-Lovise leiar.

– Eg har sakna nokon som kan gi meg gode tilbakemeldingar på språket, for når du skal vere jurist, har språket ekstremt mykje å seie, fortel Ingrid. – I den nynorske arbeidsgruppa eg er med i no, er det større fokus på korleis ein skriv, og det tykkjer eg er mykje betre.

**MEIR PRESIST SPRÅK** Det var ikkje alltid like lett å vere nynorskbrukar for Ingrid då ho gjekk på sitt første studieår. Ikkje berre var det mangel på språklege tilbakemeldingar på nynorsk på oppgåvene ho leverte, men det viste seg også overraskande vanskeleg å få tak i ei juridisk ordliste på nynorsk. Studentbokhandelen Studia hadde ikkje, så ho måtte bestille ei frå Nordli som ikkje kom i posten før ein månad seinare. Og ordliste treng ein!  
– Fagterminologien er litt annleis på nynorsk. Språket er også kortare og meir presist. Du er ofte meir rett på sak fordi det ikkje er så mange overflødige ord å «surre» med, fortel Ingrid.

Anne-Lovise er einig.  
– Alle desse typiske bindeorda som dei har på bokmål, har vi ikkje på nynorsk. Det gjer setningane kortare og språket veldig presist. Mitt favorittord på nynorsk er førehandsvisse, seier ho. – Det er det same som forutberegnelighet.  
– Det er mitt favorittord også, ler Ingrid. – Men eg føretrekkjer rettsvisse.

**VIKTIG TILBOD** Då Anne-Lovise gjekk på første og andre studieår, melde ho seg på ei nynorsk arbeidsgruppe, men gruppa blei ikkje noko av grunna for få påmelde. Ho synest det er veldig bra at det i haust var nok studentar som melde seg til at det blei oppretta to grupper på første studieår og ei på andre.

– Det er viktig at fakultetet har dette tilbodet. Du føler deg litt aleine utan og har ingen å spørje om språket. Dette er særleg ei utfordring på det første året. Du skal lære ein ny måte å skrive på, det er nye ord du aldri har sett før og du veit ikkje korleis du skal gjere det. Då er det kanskje lett å tenke at «ok, eg byter til det alle andre gjer.» Eg sit på kunnskapen, så då er det fint å kunne dele han, seier arbeidsgruppeleiaren.

Anne-Lovise trur det er meir fokus på språk i dei nynorske arbeidsgruppene.

– Folk har aktivt meldt seg på gruppa og sagt at dei vil vere med. Då har ein allereie gått inn med ei innstilling om at ein vil lære å skrive betre. I tillegg til at eg gir studentane språklege tilbakemeldingar, gir dei òg kvarandre tilbakemeldingar på språket i oppgåvene. Dei har fått eit rom der dei kan spørje kvarandre og hjelpe kvarandre! fortel ho.

VERONICA LJOSHEIM/UIB



Tolvbandsverket Norsk Ordbok er fullført og lansert, men éin mann syslar framleis med ein siste bit: brukarretteiinga. Den 30. april fyller ordboksprofessor **LARS S. VIKØR** 70 år.

# Ordboksnestoren

**SOM HOVDREDAKTØR** og fagleg ankermann har han heilt sidan han vart tilsett i Norsk Ordbok ved Universitetet i Oslo i 1993, hatt ansvaret for den faglege gjennomføringa av prosjektet. Den oppgåva har han løyst med ein innsats langt utover det stillinga kravde, ifølgje kollegaene. Frå og med det fjerde bandet har han finlese og kvalitetssikra mesteparten av over 220.000 ordartiklar.

– Frå og med band fire har eg i prinsippet lese alle andres produkt, men i arbeidstoppane har fleire av dei mest erfarne ordbokredaktørane tatt unna ein del, seier Lars Vikør.

**FAGLEG KVALITET** Han tonar gjerne ned si eiga rolle, men den faglege dugleiken hans har vore avgjerande for ordboksarbeidet og for det ryet for kvalitet Norsk Ordbok har blant fagfolk, får vi høyre frå fagmiljøet. Ikkje berre har han lese, kommentert og redigert størsteparten av ordboksartiklane, han har òg vore med på å løfte ordbokshandverket til eit fag med teoretisk overbygning.

Sluttresultatet er han sjølv godt fornøgd med.

– Det er bra, vil eg seie. Det blir aldri feilfritt, men det vart bra, seier Vikør. Det største ankepunktet hans er at dei første banda i verket ikkje er digitalt tilgjengelege.

– Det er viktig å få digitalisert og oppdatert dei banda som vart produserte dei første tiåra etter krigen, for der er det mykje som ikkje stemmer lenger. Eg håper at bergensarane no tar den oppgåva, seier han.

**BRUKARRETTEIING** Bergensarane er Universitetet i Bergen, som no har overtatt ansvaret for Norsk Ordbok frå Universitetet i Oslo, der prosjektet har hatt sin heim sidan 1972. Brukarretteiinga som Vikør no arbeider med, lagar han på oppdrag frå Høgskulen i Volda, som har fått overført pengane og ansvaret frå den tidlegare Norsk Ordbok-eigaren.

– Rettleiinga eg arbeider med no, gjeld berre papirutgåva. Eg ser på korleis du går fram for å finne ulike typar opplysningar. Vi treng ei liste over dei mange kjelde-kodane, slik at folk kan finne ut kvar opplysningane kjem frå, forklarar Vikør.

– Men når den digitale ordboka er ferdig, så blir det mange andre moglegheiter, så da må det skrivast ei anna rettleiing. Det må nokon andre gjere, slår den no pensjonerte professoren fast.

## » LARS SIGURDSSON VIKØR

- ▶ Fødd 30. april 1946 i Oslo, oppvaksen i Orkdal og Fron i Gudbrandsdalen
- ▶ Studiar i indonesisk i Leiden i Nederland, engelsk og nordisk i Oslo
- ▶ Vikariat som konsulent i Norsk språkråd i 1977–1979 og 1987
- ▶ Medlem av Norsk språkråd, 1996–2004
- ▶ Professor ved Universitetet i Oslo og hovudredaktør i Norsk Ordbok frå 1993.
- ▶ Vikør har vore aktiv i ymse språkpolitiske og politiske organisasjonar, mellom anna Noregs Mållag, Landslaget for språklig samling, SV og Samarbeidsutvalet for Øst-Timor og Indonesia.

**LITT I SIKKSAKK** Sjølv om mesteparten av yrkeslivet kom til å handle mykje om norsk språk, starta den akademiske karrieren med grunnfag i engelsk og førebuaende studium i latin. Så fór han i 1968 til Leiden i Nederland for å studere indonesisk, av alle ting.

– Eg ville ut og prøve noko anna, noko ikkje-europeisk. I sekstiåra var det både eksotisk og samtidig litt lokkande. Eg kom tilfeldigvis inn på indonesisk, fortel han.

Det vart hovudfag i indonesisk, vel å merke etter eit drygt års sivilarbeid og eit mellomfag i nordisk i Oslo innimellom.

– Det er ikkje så lett å beskrive det eg har gjort, for det har gått litt sånn i sikksakk, konstaterer Vikør.

“ Eg har kjempa for å få styrkt dei folkelege formene i bokmålet. Det synest eg framleis er ein relevant kamp.

Ein bieffekt av studiane i Nederland var at han òg vart god i nederlandsk, så god at han reknar det som andrespråket sitt. Han tar ofte turen nedover og har omsett ei rad nederlandske romanar til norsk. I 1994 fekk han Bastianprisen for omsetjinga si av *Kvifor sa vi ingenting?* av Jan de Zanger og i 2002 Kultur- og kyrkjedepartementets pris for *Bror* av Ted van Lieshout.

**NYNORSK OG SAMNORSK** Lars Vikør har heilt sidan ungdomstida vore engasjert i språkpolitiske spørsmål, mellom anna gjennom Noregs Mållag, men ikkje minst gjennom Landslaget for språkleg samling, som arbeider for samnorsk og eitt felles skriftspråk i Noreg.

– Eg har vore engasjert i det, men der har eg først og fremst kjempa for å få styrkt dei folkelege formene i bokmålet. Det synest eg framleis er ein relevant kamp. Men det å lage ei eiga samnorsk rettskriving, det trur eg ikkje så mykje på lenger, vedgår han.

– Det viktigaste er korleis det vanlege tale- og skriftspråket utviklar seg. Ei langsam utvikling i bruken over eit par- tre generasjonar kjem til å føre oss stadig nærmare ein einskapleg slags norsk, det er min tanke. Og så blir det kanskje ein god del engelsk i det norske, men det er ei anna sak og ein litt annan strid.

Elles er han glad for at det no er meir ro rundt normeringa av både bokmål og nynorsk.

– Det er greitt at det ikkje har vore så mykje krangel om rettskrivinga dei siste åra. Det har vore litt i overkant mykje av det før, og eg har sikkert bidratt til det, seier han.

**SLEKTHISTORIE** Brukarretteiinga til Norsk Ordbok skal vere ferdig til jul. Nyleg har han som éin av bortimot førti forfattarar levert manus til ei ny norsk språkhistorie, eit firebandsverk som forhåpentleg kjem ut til neste år. Frå nyttår er det ingen store prosjekt som ligg og ventar, men kanskje nokre mindre.

– På lengre sikt vil eg gjerne sjå litt meir på dei som var før meg, altså besteforeldra mine, som sleit seg fram frå husmannskår og la grunnlaget for at foreldra mine kunne bli akademikarar; det er det som heiter klasse-reise. Det er sånt som ein kan bli litt opptatt av når ein blir litt eldre, seier syttiårsjubilanten Lars Vikør.

HALLVARD ØSTREM/NPK





**Favorittord:** – Eg har ikkje favorittord. Det er journalistane som spør etter det heile tida, seier tidlegare hovudredaktør og fagleg ankermann i Norsk Ordbok, Lars S. Vikør. Foto: Hallvard Østrem / NPK

# Hobby, arbeid

– Det har gått rundt, det er hobby, arbeid og ei glede, seier **Åsmund Snøfugl**, som har gitt ut meir enn 400 bøker på det vesle forlaget sitt.

Åsmund Snøfugl voks opp i ein heim der bok og blad betydde mykje og der forteljing og samfunns-spørsmål hadde ein stor plass. Det har sterkt prega livet hans som redaktør, forleggar og forfattar.

Åsmund Snøfugl er fødd på sjølvaste 17. mai i 1944 på Røros. Som ung budde han fleire stader, men som vaksen har han vore busett i Melhus kommune i Sør-Trøndelag. Men før han slo seg ned i Melhus, hadde han tatt cand. mag-eksamen ved Universitetet i Oslo med faga historie, tysk og fransk. Men det var ikkje nok. På 1980-talet tok han fagbrev som typograf – som privatist. «Kjekt å ha» når ein driv trykkeriverksemd.

**BYRJA TIDLEG** Åsmund fortel at faren hans, Johan Snøfugl, var redaktør for magasinet *Bygdeungdommen* og seinare utgjevar av og redaktør for *Bygdebrevet*. Han var redaktør for aviser i Mosjøen og Narvik på 1950-talet. Han rakk òg å skrive ti bøker, av dei er *Den gamle garden* den best kjende.

Det var i Narvik at Åsmund som åtteåring fekk si første røynsle med bladarbeid, betalt til og med.

– I nesten fire år frå eg var åtte år gammal selde eg aviser på gata i Narvik annankvar morgon før eg byrja på skulen. Inntekta gjekk til flott sykkel. I niårsalderen vart eg i tillegg redaktør for «Barnekroken» i *Ofoten Folkeblad*, ei spalte som vart trykt kvar veke. Frå eg var seks var eg ofte på kontoret og gjekk med manuskript frå redaksjonen til setteriet, og sprang ærend til avisioskar og leverte avispakkar. Slikt blir vel kalla barnearbeid, men alle som har vakse opp på gard eller i familiebedrift, har vel likt å vera med i det som skjedde, det var ei ære og stor stas å få oppgåver, fortel Åsmund.

Som mødrer flest har også Åsmunds mor Otelie hatt mykje å seie for barneflokkene.

– Mor var engasjert i bladarbeidet saman med far og likeins

## » ÅSMUND SNØFUGL

Redaktør, forleggjar og lokalhistorisk forfattar

Etablerte Snøfugl forlag i 1972

Forlaget gjev ut generell litteratur på begge målformene, helst skjønnlitteratur og dokumentarstoff.

var ho med i avisverksemda mi på ulike måtar. Ho var med på kontoret og tok journalistoppdrag når det gjaldt. På alle måtar var ho ein god støtte og inspirator. Heime var ho flink til å fortelle og synge for oss søskena.

Med den ballasten heimanfrå var det ikkje overraskande at han blei gripen av det skrivne ordet og blei både avismann og forleggar- og nynorskmann.

**FORLAGET** – Når tok du til å gje ut bøker?

– Eg gav ut den første boka i 1972, som var starten på Snøfugl forlag. Det var ei omsetjing av den indiske forfattaren Debabrata Rej, boka heitte *Tid i aske*.

– Har breidda i produksjonen vore stor?

– Ja, det varierer mykje, romanar, diktsamlingar og dokumentarstoff. Fleire av dokumentarbøkene med innhald frå krigstida har gått bra, seier Åsmund. Han har tatt eit oversyn og kome fram til at talet ligg på omkring 440.

– Er det ei bok du er særleg glad for å ha gjeve ut?

– Ein blir jo glad i kvar bok ein får ut til lesarane. Men ekstra glad var eg for at eg fekk gjeve ut nokre av far sine bøker. Og Jul Haganæs' fine diktsamling *Stein under fagle-*



fot set eg også høgt. Det same gjeld barnebøker av Anne B. Ragde og fleire romanar av Ragnhild Magerøy. Dessutan at vi vart spurde om å laga bøker om kongeparets besøk i Sør-Trøndelag og seinare i Finnmark. Det vart praktbøker med flotte bilde.

– Du har sjølv skrive bøker?  
– Eg skreiv bok om utvandringa frå Melhus til Amerika, *De som dro*. Dessutan tre til, og eg har vore medforfattar i eit par.

**FAMILIEVERKSEMD** Når det gjeld sal, fortel Åsmund at vanleg sal ligg på omkring 1000 eksemplar. Somme gonger kan det

slumpe til med 2–3000 eksemplar. Men rekorden er så høg som 10 000, det var boka *Rinnans sønn* av Roar Baglemo, Rinnans son.

– Kva for nokre bøker har du fått mest respons på?

– Det er ofte god respons på lokalhistoriske bøker. I år har vi fått mest respons på Reidar Almås si bok om ny landbrukspolitikk, *Omstart*.

– Ber forlagsproduksjonen seg økonomisk – eller er det ein hobby med underskot?

– Det har gått rundt, det er hobby, arbeid og ei glede.

– Du er både redaktør og forlags-sjef – blir det tid til ferie?

– Ferie blir det, som regel to

“ Ein blir jo glad i kvar bok ein får ut til lesarane.



# d og glede



veker om sommaren og i jula og påska. Om sommaren har avisa to vekers opphald, fortel han.

Dessutan understrekar han at kona Anne Sveberg har gjort ein stor innsats, spesielt når det gjeld avisa. Ho har drive med deskarbeid og mørkeromsarbeid (den tida det var aktuelt). Så var ho borte frå avisarbeidet nokre år, men byrja i fjor haust to dagar i veka, og formgjev igjen. God hjelp har også borna Johanna og Anders gitt.

**BLADMANN** Blant avisfolk er Åsmund Snøfugl mest kjend som gründer og redaktør. Han

starta saman med kona Anne Trønderbladet i mars 1979. Åsmund var redaktør fram til 1996, då dei selde avisa. Men han kunne ikkje halde seg borte frå redaktørkrakken, og gjekk i gang med lokalavisa *Gaula* i 2001 med utgjevarstad i Melhus. Og leserane tok vel imot avisa og abonnerte.

Fleire har med god grunn sett pris på arbeidet Åsmund Snøfugl har gjort. I 1993 blei *Trønderbladet* kåra til årets lokalavis, og Landslaget for Lokalaviser (LLA) gav han i 1996 heidersprisen. Åsmund har i to periodar vore leiar i Landslaget for Lokalaviser,

*Billettekst: Ingen skal vere i tvil, Åsmund Snøfugl er både redaktør og forleggjar i det som i høg mon har vore og er ei familieverksend.*

Foto: Espen Tørset

“ Ferie blir det, som regel to veker om sommaren og i jula og påska.

frå 1990 til 1992 og frå 1994 til 1996.

– Den kolossale veksten i småviser – kva er det uttrykk for?

– Det var stor vekst for lokalavisene frå 1980-åra og i mange år utover. Avisene fekk ein sterk funksjon for lokalsamfunna, og fekk mykje å seie for identitet, seier *Gaula*-redaktøren og veit at dei små lokalavisene er svært viktige for innbyggjarane i by og bygd.

Åsmund Snøfugl fekk Melhus kommune sin kulturpris i 1994. Leiar for kultur og fritidsavdelinga i kommunen, Jan Erik Landrø, fortel at han mange gonger har hatt glede av Åsmund sin kunnskap om kommunen og folka i Melhus.

– Han har i tjuve år vore vår namnekonulent i alle saker som omhandlar vegnamn og stadnamn. Dei siste åra har han vore mykje ute i «felten» for å kome med gode vegnamn, og det gjer han, fortel Landrø.

– Åsmund med si audmjuke framtoning gjer at ein lett kan prate med han. Og gjennom arbeidet som forleggjar har han løfta fram lokal kultur på ein god og kvalitativ måte, seier Landrø.

Og held helsa for Åsmund Snøfugl, aktiv som friidrettsmann i unge år, så blir det både nye avisutgåver og nye bøker å sjå fram til.

TORBJØRN GREIPSLAND  
torgrei@online.no



Foto: Alex Iversen

## Hustad heidra

TV 2-profilen, *Dag og Tid*-journalisten og debattanten **Jon Hustad** får Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar for 2016.

– Hustad har skarpe analysar, ein skarp penn – og ei skarp tunge. Han kan oppfattast som ein rabulist, men han tek ofte rolla som folkedjupet sin velutdanna talsmann, skriv juryen som meiner at prisvinnaren er ein uredde journalist som baserer seg på fakta og grundige undersøkingar når han vågar å utfordre det politisk korrekte og stille spørsmål ved etablerte sanningar.

Hustad sjølv hadde ikkje rekna med å få ein målpris.

– Eg er veldig glad, men også veldig forundra. Eg har alltid oppfatta nynorskrørsla å vere langt til venstre i det politiske landskapet. Der er ikkje eg. Difor hadde eg ikkje rekna med å få ein slik pris. Men eg takkar ja med begge hender, seier Hustad.

Juryen omtalar i grunningvinga si Hustad som ein kunnskapsbasert kranglefant som brukar eit godt og levande nynorsk for å fremje sakene og meiningane sine. «Han er stødig i framføringa både i skrift og tale, og brukar nynorsk på ein måte som syner at målforma ikkje berre eignar seg til nasjonalromantikk og lyrikk, men også til meiningsbryting og tung tids tale», som det heiter i grunningvinga.

«Hustad har skarpe analysar, ein skarp penn – og ei skarp tunge. Han kan oppfattast som ein rabulist, men han inntek ofte rolla som folkedjupet sin velutdanna talsmann», skriv juryen. Hustad svarar slik på omtalen:

– Å vere reaksjonær no for tida er så slitsamt at til og med eg står ut som moderat.

Kulturdepartementet sin Nynorskpris for journalistar blir delt ut på Dei nynorske festspela i Ørsta 24. juni. Prisen er på 50 000 kroner og eit kunstverk. Kommunikasjonssjef i Kirkens Nødhjelp, Håkon Haugsbø, er leiar for juryen og har med seg redaktør Svend Arne Vee i *Firdaposten* og forfattar/journalist Agnes Ravatn. Ho var ikkje med på den avgjerande runden om Hustad skulle få prisen, då ho er kollega med han i *Dag og Tid*.

PRESSEMELDING

# Bygdedyret – frå glefsande udyr til bjeffande puddel

Eit ord eller begrep kan vera så godt og råkande det bare vil: Det blir liggande i halvgløymsle til noen har bruk for det, set det i sirkulasjon og fører det inn i offentlig meiningsdanning. «**Bygdedyret**» er eit slikt ord.

Tor Jonsson brukte det bare i Liket: «det tunge, kalde bygdedyret», «det flirande bygdedyret». Men han skreiv om bygdabøygen, bygdaberget, bygdestraffa, bygdaglis og bygdageip, autoritetstru, ovundsjuke, vernefarge, kopistmentalitet, husmannsånd, åndstvang, bygdefliren.

**DET BREIE GLISET** Det var Ingar Sletten Kolloen som henta fram «bygdedyret» i den strålende biografien *Berre kjærleik og død*. Med tekstsamlinga *Blant bygdedyr og vestkantkrokodiller* tok det heilt av. Biografen sjølv reiste på turné og agiterte for at norske bygder burde sendast til psykolog for å bli kvitt Bygdedyret. Etter mitt syn var det «eit praktfullt slagsmål med lik». Kolloen kyngja med klokke om noe halvdaudt, slik at Bygdedyret blei eit kosedyr for urban fordomsfullhet og teikna eit vridd bilde av bygdene.

Kampen mot Bygdedyret kom høgt opp på dagsorden i norsk distriktpolitikk. Statsråd Enoksen ville ta knekken på det i ei ny stortingsmelding. På årsmøtet i Nord-Trøndelag Senterparti var dei usamde om gasskraftverk og regjeringsprofil, men den hardaste striden sto om Bygdedyret. Ungdommen gjekk inn for fri og statssubsidiert jakt og skotpremie på det, mens dei tunge karane ville erstatta det negative avsnittet om Bygdedyret med noe positivt som dei kalla Vikingloven. Resultatet blei ein resolusjon om «Kampen mot det breie gliset».

**KONTROLL OG OMSORG** Kva er dette Bygdedyret som åpenbart vekker like stor age og avsky som sjølvaste Dyret i Åpenbaringa? Og som måtte drepast for at det skulle vera liv laga i bygdene?

Bygdedyret er ein rural variant av Aksel Sandemoses Janteloven. Det er ei vaktbikkje, ein trufast og snill bisk for dei som skikkar seg vel, men som bjeffar mot inntrengarar og glefsar etter dei innanfor som skil seg ut.

Bygdedyret sine mekanismar kan vera brutale og direkte, men også subtile. Grensa er hårfin mellom å bry seg om og bry seg med. Solidaritet og sladder er to sider av same sak, og det er vanskelig å få det eine utan å ta det andre med på kjø-

pet. Den som er innanfor, blir passa på og tatt hand om. Henne skal det gå godt, og ho får leva lenge i fellesskapet. Den som set seg utanfor, går det ille. Ho blir latterliggjort, underkua og utstøyt dersom ho ikkje klarer å koma seg bort.

Bygdedyret er på konstant jakt etter avvikarar. Den andre sida av det er at Bygdedyret passar på likheten. Det er opplese og vedtatt at Janteloven er negativ, men den har sjølsagt også sine positive sider: Den herpeserer alle som skil seg ut, men den tar seg også av drittsekkane.

Bygdedyret er omsorgsfullt. Når du er lydig og ikkje utfordrar Bygdedyret, er det som ei myrsnipemor. Når du viser at du vil høyra til, blir du vurdert ut frå kven du er og ikkje ut frå kva du gjer. Då er du ein av våre med krav på vern, om du fell gjennom.

Men Bygdedyret er også kontrollerande og set grenser: Prøv deg ikkje med noe som er annleis, enten det er i livsstil eller som entreprenør. «Det er ikkje sånn me gjer det her. Det er ikkje sånn me vil ha det her.» Om noen skil seg for mye ut, skal me nok vita å «låge han ned på att», som Tor Jonsson skreiv.

**BEDEHUSDYR OG KLASSEDYR** Eg forstår ikkje heilt korfor kampen mot Bygdedyret blei så intens. Det minner om ulvefrykta. Det er få av dei, og dei er stort sett ufarlige for menneske, men dei vekker masse oppstyr og blir gjort til det store trugsmålet mot liv og næring på bygdene.

Bygdedyret er også langt på veg utrydda utanfor noen små revir. Det er som med Bedehusdyret der eg kjem ifrå. Til på 60-talet var det ei aktiv og skræmmande vaktbikkje som heldt folk på plass. Nå er bedehusfolket mest som ei sur, lita utgruppe som ikkje kan plaga andre enn sine

eigne. Det kan vera ille for den som blir ramma, men det er mulig å sleppa unna. Slik har det gått med Bygdedyret også. Det er som gneldebikkja som spring og gøyr etter bilen som kjører ut av bygda.

Det er i ferd med å gå med Bygdedyret som med den nære artsfrenden Klassedyret, det som passa strengt på at alle som hørde til, kjende sin plass, gjorde si plikt og fekk sin rett. Solidaritet heitte det også.

Både Bygdedyret og det ætte- og klassedyret som plaga Tor Jonsson, har langt på veg tapt si makt. Toleransen og takhøgda er blitt større. Det blir sagt at det er enklare å vera homse blant bønder enn bonde mellom byfolk. Det er blitt lettare å vera annleis eller koma seg bort. Ein kan melda seg ut, ein for ein, på individuelt grunnlag. Det er bra for den enkelte som har styrke til det, men ikkje så bra for dei som ikkje klarer å stå aleine, og ikkje for bygda eller klassen. Dei forvitrar som sosiale tilknytingspunkt og kollektive aktørar.

Det er altså bra at Bygdedyret skrantar, men det er litt trist også. For når Bygdedyret døyr, døyr også noe av bygda. Dersom bygda ikkje har makt til å utøva denne kombinasjonen av kontakt og kontroll, av varme og vondska, så finnest knapt bygda. Då er det ikkje bygd, men bare spreidd busetnad. Ein kunne vera freista til å ropa: Bygdedyret er dødt! Leve Bygdedyret!

**EIN KOMIKAR FRÅ LILLEHAMMER** Når bruken av eit ord tar heilt av, vidar både bruksmåte og tydingar seg ut, og etter ei tid dukkar det opp i uventa forklendingar og samanhengar. Då er ordet i ferd med å bli meir evig enn fenomenet, mens innhaldet er borte og ordet utslite. Eit av dei siste døma eg har sett, var då ein ide-

kronikør i *Dagbladet* (7. april 2016) skreiv dette om den gjæve komikaren Atle Antonsen frå Lillehammer: «Siden hans lune, men kortluntede og harme inkarnasjon av bygdedyret med brask og bram brummet og brølte seg fram i tigerstaden omkring årtusensskiftet ...»

Den som trur at ein brølande komikar frå det småby-pudlete Lillehammer er våre dagars ikjøtar av Bygdedyret, ville ikkje ha kjent att eit bygdedyr om han hadde møtt det. Ikkje Tor Jonsson heller.

**MORALPOLITI OG MOBBARAR** Bygdedyret er like utryddingstruga som grendeskular og lokale lensmannskontor. I offentligheta har det like tronge levekår som slektningane i Jante. Det lever eit stusselig liv i bakevjene. Noen av arten skal ha konvertert til islam og lever som moralpoliti på Grønland og i andre innestengde parallellsamfunn av ulike religiøse bonitet.

Men avkommet klarer seg. Dei formerer seg som småtroll på nettet. Der mobbar og jaktar dei på identitetsusikker ungdom, politisk ukorrekte, godhetstyranar og andre offer for tidsandens og konformitetens kalde kultur.

**UTVEGAR OG HEIMVEGAR** Bygdedyret har det ikkje så godt, og godt er det. Det har tapt mye av si kraft i bygdene, for det finnest fleire utvegar. Men også heimvegar for andre enn heimbygdturistar, sjøl om ein «ved heimkoma må stenge ei dør i seg sjø».

*Heimbygd, heimbygd med di harde andletsbragd av stein, vekt har du dei milde, vare tonar i ein fredlaus ein.*

*Lengta har eg lange dagar bort frå fjord og flatt. Livets unders lagnad lagar: Borte fann eg bygda att.*

ANDREAS HOMPLAND

Andreas Hompland (70) frå dalstrøka innanfor kysten Lindesnes Åna-Sira er bygdesosiolog og urban avismann.

Teksten er henta frå *Tor Jonsson*-magasinet som Tor Jonsson-laget har gjeve ut i samarbeid med avisa *Hallingdølen*.





**HEIDRA:** I 1950 vart Tor Jonsson heidra med forfattarprisen. Her får han overrekt prisen av statssekretær Lars Moen.  
Foto: NTB-arkiv / Scanpix / NPK



– Livserfaringane til Tor Jonsson er på ingen måte unike. Det unike er at han greidde å stå i dei veldige trauma, ha eit sterkt hat og likevel skapa stor dikting, seier Jonsson-biografen Ingar Sletten Kolloen.  
Foto: Jarle Vines

# Nær når han er borte

I år er det hundre år sidan lyrikaren og avismannen Tor Jonsson blei fødd. Sjølv gjekk han bort for 65 år sidan, men dikta hans blir stadig trykte i nye opplag.

– Eg trur ikkje det er nokon norsk lyrikar som er så mykje brukt. Nokre av dikta hans er som meisla i stein, sa forfattaren Ingar Sletten Kolloen på eit Tor Jonsson-arrangement på Nasjonalbiblioteket i mai.

Kolloen har tidlegare skrivne biografien om den folkekjære lyrikaren og er ein av dei som veit mest om Tor Jonsson.

Han peikte på at diktsamlingane med Jonsson-dikt stadig kjem i nye opplag, og at enkelte diktstrofer nærast har blitt folkelege. Ei av dei mest kjende verselinjene er «Nærast er du når du er borte».

Kolloen kalla dette eit fyndord og meinte at Tor Jonsson har ti- femten slike slående uttrykk som gjer at folk framleis kjøper diktsamlingane hans.

I jubileumsåret er det planlagt ei rekkje andre tilskipingar rundt om i landet til minne om den omtykte lyrikaren.

## » TOR JONSSON-ÅRET

- ▶ 29. juli: Leiar i Tor Jonssonlaget Håvard Teigen held Tor Jonsson-foredrag på Olsok i Lom.
- ▶ 22.–27. august: Lunsj og lyrikk med Tor Jonsson på Det Norske Teatret.
- ▶ 24. august: Teaterstykket «Berre kjærleik og død» på Ny-norskscena, BUL i Oslo.
- ▶ 2.–4. september: Tor Jonsson er diktardagsdiktar på Diktardagane i Lom, Skjåk og Vågå. Litteraturseminar med «Bygda» som hovudtema inspirert av dikteren.
- ▶ 21.–22. september: Journalistikkseminaret «Motstraumsjournalistikk» på Ål. Seminaret er eit samarbeid mellom Tor Jonsson-laget, Landslaget for lokalaviser og avisa *Hallingdølen*, der Tor Jonsson i ein kort periode var redaktør.
- ▶ 11. november: Posten Noreg lanserer Tor Jonsson på fri-merke.
- ▶ Tor Jonsson-laget vil leggja ut informasjon om fleire arrangement rundt om i landet på egne nettsider. Sjå [www.torjonsson.no](http://www.torjonsson.no).

**TALSMANN FOR SMÅKÅRSFOLKET** Tor Jonsson blei fødd i Lom 14. mai 1916. Han var husmannsgut og voks opp i fattige kår. Ein bitter bygdestrid enda med at familien måtte flytta frå hus og heim. Då Tor Jonsson var tolv år, døydde faren. Desse hendingane merkte den unge Tor Jonsson for livet.

I eit eige Tor Jonsson-magasin gjeve ut av Tor Jonsson-laget i samarbeid med avisa *Hallingdølen*, blir dikteren karakterisert som ein talsmann for småkårsfolket. Han utvikla ei sterk forakt for autoritetar og fekk eit ambivalent forhold til bygda. Det var han som innførte omgrepet «byggedyret», om nega-

tive sider og mekanismar i bygdesamfunnet.

Det blir sagt at Tor Jonsson hadde mykje sinne i seg. Samtidig hadde han ein sterk lengt etter kjærleik og fellesskap.

### STERKT HAT

– **STOR DIKTING** Kolloen strekar under at Tor Jonsson ikkje var åleine om å oppleve dramatiske livserfaringar i ung alder på denne tida.

– Livserfaringane til Tor Jonsson er på ingen måte unike. Det unike er at han greidde å stå i dei veldige trauma, ha eit sterkt hat og likevel skapa stor dikting, seier Kolloen.

Allereie som 16-åring fekk Tor Jonsson på trykk ei novelle der han hadde

klart eit arbeidarlitterært program. Seinare blei han ein skarp samfunnsdebattant både som journalist og artikkelforfattar i aviser og blad. I ein kort periode var han også redaktør.

I ettertida er det likevel dikta han er mest kjend for. Til saman skreiv han over 200 dikt før han 11. januar 1951 tok sitt eige liv. Han var då 34 år.

I samband med jubileumsåret har Nasjonalbiblioteket digitalisert alle dikta hans. Dei ligg ute på nettsidene til Nasjonalbiblioteket.

### KJÆRLEIKSLENGSEL

**OG EINSEMED** Lengselen etter kjærleik og kjensla av einsemde er tema som går att i dikta hans. Han var også svært oppteken av døden.

– Særleg det siste året viste dette att i dikta hans, seier Kolloen, som meiner Jonsson då skildra prosessen med å ta sitt eige liv i dikta han skreiv.

– Han tok også eit oppgjær med at han hadde hata for mykje, og seier at dette er noko ein må kvitta seg med.

Sjølv om Tor Jonsson kritiserte bygda, var det først året før han døydde at han flytta til Oslo. Men ifølgje Kolloen greidde han aldri å omplanta seg sjølv til bylivet, trass i at han hadde mange vener i hovudstaden.

– Han stod med eitt bein i kvar kultur, seier Kolloen. Han hevdar Tor Jonsson var eit splitta menneske med mange kriser på ein gong, og at han tok livet sitt då han var på topp som forfattar.

MARGUNN SUNDFJORD/NPK



# Opp til eksamen

Heilt sidan Aasen er det overraskande mange nynorske forfattarar som har gjeve seg i kast med **Shakespeare**-omsetjingar. No er dei beste samla i ei bok.

For ti år sidan arbeidde Ronny Spaans som guide i Oslo Rådhus. Dagane vart like og lange, men Spaans kjeda seg ikkje. Han hadde nyleg oppdaga dramatikken til William Shakespeare, og las seg opp i pausane mellom guideoppdraga. Han las ikkje berre Shakespeare på originalspråket, men oppdaga at det låg ei gullgruve og venta på han i dei norsk omsetjingane. Særleg dei nynorske.

Spaans fekk ideen om å samle døme frå dei beste omsetjingane i ei samling, eller ein antologi. Før kvart utdrag skulle det vere eit lite resymé av handlinga, slik at utdraga ikkje vart ståande heilt ute av samanheng. Han hadde lese slike samlingar både på engelsk og på nederlandsk, men på norsk var det skralt.

Ting tek tid. Fyrst no i vår er boka *William Shakespeare – Det beste av dramatikken* endeleg klar. Ho kjem ut på vesle Villanden Forlag i samband med at det er 400 år sidan dikteren døydde.

– Boka er ein introduksjon til Shakespeare sine skodespel, fortel Spaans.

– Samstundes er ho ei samling stor norsk gjendiktningkunst. Nynorske omsetjingar av Shakespeare har eksistert heilt sidan nynorsk vart eit språk. Den fyrste som prøvde seg var Ivar Aasen sjølv, som gjendikta nokre fragment. Men sidan dette var i nynorsken sin barndom, så var det fort å bli litt overivrig i fornorskinga. «O, that I were a glove upon that hand» vart til «Aa, giv eg var ein Vott paa denna Handi». Vott og hanske er to ganske ulike ting, og seinare omsetjingar heldt seg til hanske. Det er ikkje meining i at Romeo skal forelska seg i Julie i ein norsk vinterskog.

**NYNORSK SOM KULTURSPRÅK** – *Kvifor denne iveren etter å kaste seg over Shakespeare?*

– Då det nye språket vaks fram, var det viktig å syne at det kunne nyttast til kva det skulle vere. Felt for felt skulle sigrane kome. Ikkje minst var det viktig å syne at det dugde som kulturspråk, og ei omsetjing av Shakespeare ville prove dette. Du ser det att i utvalet av bøker Det Norske Samlaget gav ut.



– Det er overraskande kor mange nynorske lyrikarar som arbeidde med Shakespeare, seier Ronny Spaans. (Foto: Kjartan Helleve)

Målet var å syne at nynorsken dugde. Då Henrik Rytter sette inn støyten i 30-åra og sette om tjuetre av skodespela til nynorsk, så var det fleire enn kva som fanst på bokmål.

– *Kvifor er dei omsetjingane unike?*

– Rytter var svært nøyaktig som gjendiktar. Som omsetjar må ein velje å vere idiomatisk eller gjere det meir ord for ord. Rytter gjorde det ord for ord, og han greier å leggje seg tett opp til originalen. Når ein les omsetjingane i dag, kan dei tilsynelatande gamle, ja mest urnynorske ord koma i vegen. Men Rytter nytta den norsk-engelske ord-boka til Ola Raknes, og gjorde seg berre nytte av det rike ordtilfanget som låg i det nye språket. Han får fram ein vitalisme, ein ordfriskleik. Noko av styrken hjå Shakespeare er nett dette med å ha eit friskt og klangfullt ordtilfang, og Rytter greier å gjere det same i omsetjingane sine.

**DEN STORE DANNINGA** – Les ein Rytter i dag, må ein konsentrere seg for å hengje med.

– Men når du fyrst kjem inn i det, er det fantastisk. Litt av målet med

denne boka er å gje smakebitar, ikkje berre av Rytter, men også av dei andre omsetjarane. Difor har eg skrivne inn handlingsreferat for utdraga, slik at lesarane skal ha ei aning om kva som fylgjer. På den måten håpar eg at dei greier å setje pris på språket.

– *Burde ikkje boka berre ha handla om Rytter?*

– Nei, for målet er å syne fram posisjonen Shakespeare har og har hatt i nynorsk litteraturhistorie. Han er for meg eit høgdepunkt, men eg ville syne fram alle dei som har arbeidd med han. Sjølv etter krigen er det overraskande kor mange nynorske lyrikarar som arbeidde med Shakespeare. Det var nesten som ein del av danninga som lyrikar. Eg har også hatt som mål å hente fram nokre av dei som har gått i gløymeboka som t.d. Olav Madshus og Erik Eggen. Særleg morosamt var det å finne fram til ei uttrykt Shakespeare-gjendikting av Aslaug Vaa, det gjeld

eit lite utdrag frå Kong Henrik den åttande. Hartvig Kiran og Halldis Moren Vesaas er òg med, men eg har valt å halde gjendiktingar frå samtida, som Edvard Hoems omsetjingar, utanfor. For meg har det vore viktig å syne fram ein eldre gjendiktingstradisjon.

– *Kvar står du i striden om kor vidt Shakespeare skreiv alle stykka sine sjølv?*

– For min part er det ikkje tvil, skodespela og dikta er skrivne av Shakespeare, mannen frå landsbyen Stratford-upon-Avon. Det er påfallande kor stykka hans skil seg frå annan dramatik i samtida. Han nyttar helst ord og seiemåtar frå landet, frå dyreriket og frå landbruk, og ikkje så mykje dei lærde tilvisningane til den antikke verda som ein finn hos samtidige dramatkarar. I dag veit me knapt kven Apollon, Mars og Zevs er, men me veit kva ein rev er. Dette er jo ein veldig føremon når ein skal setje han om til nynorsk, eit språk som har rikt tilfang av nett slike ord. Vi bør heller konsentrere oss om den geniale diktinga og språkbruken til Shakespeare enn spørsmål om opphavet til poeten.

KJARTAN HELLEVE  
kjartan.helleve@nm.no





NMU vart på landsmøtet samde om fire politiske hovudprioriteringar: språk i skulen, språkløva, stortingsvalet 2017 og nynorsken i statlege strukturar.



SYNNØVE MARIE SÆTRE  
Leiar i Norsk Målungdom

## Ta rettane våre på alvor!

**I MØTE MED NYE FOLK** vert det fort snakk om kva ein driv med. Som aktiv i Målungdomen er det som regel ikkje berre å seie «eg jobbar i Norsk Målungdom» og så er ein ferdig med det. Nei, då har ein det gåande, anten ein får skryt for å drive med viktig arbeid, eller om ein må pløye gjennom litt målsoge, forklare kvifor me har to norske skriftspråk og kvifor me faktisk er nøydd til å ta kampen for at me som nynorskbrukarar skal ha dei same språklege rettane som bokmålsbrukarar.

**HER OM DAGEN DROG EG** til lageret vårt for ordne med nokre papir. Eg fylte ut eit skjema og lagermedarbeidaren såg lenge på organisasjonsnamnet. «Norsk Målungdom, hva er det dere driver med?», spurde han. «Me jobbar med å fremje nynorsk og for at nynorskbrukarar skal ha dei same rettane som bokmålsbrukarar», svare eg og utbroderte om at det til dømes er eit problem at elevar med nynorsk som hovudmål ofte ikkje får lærebøkene sine på nynorsk, og at studentar stundom ikkje får eksamen på nynorsk sjølv om dei har bede om det. «Ja, så det er problematisk å få eksamensteksten på bokmål? Dere forstår jo vel bokmål?»

**I FJOR LANSERTE NORSK MÅLUNGDOM** ein klageportal der studentar kan leggje inn ei klage på eksamen, og me tek klaga vidare til Språkrådet og den aktuelle utdanningsinstitusjonen. Det renn inn med klager frå lærestadar landet rundt frå studentar som ikkje får oppgåvene på nynorsk, eller som får utdelt oppgaver med språk som på ingen måte held mål, og svare me får frå høgskulane og universiteta er alltid dei same. Her har det skjedd ein feil. Det er leitt. Det er uheldig. Me beklagar. Me skal gå gjennom rutinane våre. Dette skal ikkje skje igjen.

**MEN DET SKJER IGJEN OG IGJEN.** Det er ikkje berre leitt, og det er ikkje berre uheldig. Me er inne i vårens eksamensperiode, og nok ein gong syner det seg at studentane sine språklege rettar ikkje vert tekne på alvor. Det er eit problem, og det handlar ikkje om kva me forstår eller ikkje. At dei største utdanningsinstitusjonane me har i landet gong på gong bryt med forskrift om målform i eksamensoppgåver, og at dei presterer å dele ut eksamensoppgåver på «nynorsk» som er nærast uforståelege, syner at dei ikkje tek språket vårt og oss som nynorskbrukarar på alvor. Dette finn me oss ikkje! Me krev at høgskulane og universiteta gjer meir enn å berre beklage, og at dei faktisk gjev oss det me har krav på. Tilsette bør verte kursa, oppgavesetta bør bli kvalitetssikra og ingen må undergrave nynorsken.

## Landsmøtet i Norsk Målungdom

Dei som drakk kaffi på kaféen på Hommelvik stasjon må ha trudd at dei plutselig var midt i ein aprilspøk då ungdom etter ungdom steig av toget frå Værnes fredag 1. april. Kva hadde dei vel elles der å gjere, alle desse unge, ukjende folka, om dei ikkje skulle drive ugagn? Ungdomane skulle ikkje gjere aprilspøkar i Hommelvik. Dei skulle på landsmøtet i Norsk Målungdom, som i år vart halde på Hommelvik ungdomsskule frå 1. til 3. april.

Landsmøtet kan i tal oppsummerast slik: Totalt var 44 målungdomar til stades, og av dei var 35 utsendingar frå ni lokallag. Det vart vedteke fem fråsegner. Det vart halde éi innleiing om nynorsk i lærarutdanninga. Det vart vedteke eitt nytt arbeidsprogram (noko anna hadde jo vorte trasig). Det vart valt sentralstyre med fem medlemar, der alle fem tok attval, og nytt landsstyre med 12 faste medlemar og 6 varaar. Det vart ete rundt 30 liter sodd på festmiddagen laurdag og steikt

opp mot 200 vaflar til dessert. Talet på songar som vart sunge i møtepausane, er ikkje kjent.

I meir detaljerte ordelag kan landsmøtet oppsummerast slik: Av fråsegnene landsmøtet vedtok, har dei to viktigaste fått mykje merksemd i media og frå politisk hald. Den eine handla om at Trøndelagsfylka har eit ansvar for å synleggjere sørsamisk ved å vedta samisk namn på bae fylka, og ved å skilte på samisk. Varaordføraren i Trondheim, Hilde Opoku (MDG), hadde allerede lufta saka i kommunestyret og jobbar for å få fleirtal der til Trondheim skal vere vertskommune for 100-årsfeiringa av det fyrste samiske landsmøtet i 2017.

Den andre handla om at det må bli mogleg å registrere språk i Folkeregisteret. I Finland vert det registrert kva morsmål kvar enkelt borgar har og kva service-språk dei vil at staten skal kommunisere med dei på. Då legg ein det ikkje over på folk flest å syte

for å få dei språklege rettane sine oppfylt. Med den same ordninga i Noreg, vert det lettare for staten å tilby gode tenester til borgarane. Folkeregisteret skal faktisk gjennom ei endring i nær framtid, og me har fått tips om at det skal vere mogleg å få til ei registrering av språk i den prosessen.

Arbeidsprogrammet har i år fire politiske hovudprioriteringar: språk i skulen, språkløva, stortingsvalet 2017 og nynorsken i statlege strukturar. I tillegg står organisasjonsvekst høgt på prioriteringslista. Me har sjølvstendige og godt drivne studentmåltag, men ser at me må ta grep om me ikkje skal verte Norsk Studentmålungdom. Difor skal me, med god hjelp av Noregs Mållag, opprette ei ny reiseskrivarstilling frå hausten av, slik at me kan bruke endå meir krefter på å byggje opp gode elevmåltag rundt om i landet. Vonleg vil endå fleire målungdomar stige av toget neste gong me har landsmøte i Hommelvik.

## Norsk Målungdom søker reiseskrivar

Reisesekretæren er ansvarleg for å fylgje opp lokallaga våre, og å reise i samband med kampanjar og aksjonar. Du vil i hovudsak arbeide med dei andre på kontoret i Oslo, men mykje av arbeidet vil også vere å reise rundt omkring i landet.

Me oppmodar deg som er under 26 år, til å søkje, men me vurderer alle søknadar. Tilsetjinga er i fyrste omgang for eitt år, men det er mogeleg å få forlengd kontrakten. I søknaden skriv du litt om deg sjølv, bakgrunnen din og kva tankar du gjer deg om jobben. Legg ved CV.

**Søknadsfristen er 20. juni.**

Arbeidsstart er 1. august, og du får opplæring. Send søknaden til [skriv@nynorsk.no](mailto:skriv@nynorsk.no). Sjå fullstendig utlysning på [www.lnu.no/utlysninger/reisesekretaer/](http://www.lnu.no/utlysninger/reisesekretaer/)

SKAPE STATSRÅD	GAGN	TEK FYR	MANNS- NAMN	PART	UKLARE BIBELSK FJELL	I FALL	KRYDDER FØSTRING	BAKKE STELLE	LAND KOME NEDBØR	STRIM- MEL	
INDISK DELSTAT			SKADE			KORN	MINSTE- JENTA	MAT- VARE	LÅSTYPE MYNT		
HJERNE OG RYGG- MERG	DUUNS FØDEØY	FUGLAR	TERGING	FERSKE	FISK MÅLTID			ENERGI	SKIFTE MEINING	VEKT	
BERGING I VATN		UGRAS	MORSK	OKSYGEN REX	FLIRE HOVUD- DEKKE			SVEVN	SAKTE RØRSLE	MÅNE- FASE	KLEDD
HJELPSAMT HUSDYR	BRØTEN GRIPE- REISKAP		FRANSK MÅLAR	SENGE- KLEDE	NORRØN GUD- INNE	ARVING	NORD- MANN	DU OG EG	KLØSTER- LEIAR	SINT ROP MINKE	
JURIDISK STILLING	UTSLEGEN HOVUD- STAD		MINE TAGAL		50 5		AN- FALLA	INVITERE SLEDE- UNDERLAG		DANS	
HØGT POLITISK VERV	STIGE	HA I SEG SKRIK		FRYDAR	ANDA	ITALIA ROMANIA	LIKE KJØT- KRAFT		FLATE- MÅL		
LANG- TUR	SKAPE UORDEN		KONGE	LANG	FINSK BY	I DAG		SVERD- LILJE	ENGELSK TILTALE	SONG	MØT- VILJE
FLAGGING, HURRAROP OG TALAR	SMÅ DROPAR	TAL	DA FASE		URO I HUGEN	KRØTER	SØRAM. ELV IKKJE			REKKE	
SVEIPE				SITJE HØGT		STABEL		VENDE HØY			NT NR. 3 2016

## Kryssordvinnarar i nr. 2 – 2016

Åse-Berit Fidjeland, Tjørhom  
Bjarne Skjold, Tjeldstø  
Randi Nordfjord, Bergen

Send løysinga til:  
Noregs Mållag  
Lilletorget 1  
0184 Oslo

**Frist: 2. september 2016**

Merk konvolutten «Kryssord».  
Rett løysing kjem i neste  
utgåve. Tre vinnarar vert trekte  
ut og får fin premie.

Namn: \_\_\_\_\_

Adresse: \_\_\_\_\_

Postnummer/-stad: \_\_\_\_\_

LOYSING

FBR	T	SKEI- MAT	NORRØN GUD- INNE	H	ROSTYR OG ENDEL	F	FISK BY OG BY	Å	L	NORD- FJORD	L	LUKE BONDE	L	ØD- BASSE STILLER	V	AUKE	FLATA	P		
L	I	V	N	Æ	R	E	R	GÅVA	O	F	F	E	R	E	T			FLATA FOR HØRKA	P	
HAAS OG HENDSE HÅR	D	E	I	R	A		I	S	E	S	E	A	M	E	R	I	K	A		
HAAS SØBBEL	U	L	L	E	U	R	O	N	Å	R	O	B	L	A	T					
	E	L	E	N	D	E	R	I	S	T	A	S	M	A	L	L	ÅG	S	M	Å
	E	G	I	L		L	I	S	T	A	A	N		K	I	M	E			
KLEDD HÅS	A	N	T	R	E	K	K		D	Ø	R	S	L	A	G	E	T			
	A	R	G	E	I	A	M	O	R	A	A	S		U	N	D	E	R		
SINTE	E	T	U	T	E	K	A	N	N	E				S	T	O	T	E		
BEIN	B	R	A	T	T	E	L	I	G	Y	S	E	L	E	G					
	S	T	R	A	K		A	I	S	L	O	M		V	E	N		S		
MAP-Ø-Ø	R	A	U	T	I	N	G		A	T	V	I	A	A	M					
ENG	L	I	K	U	N	D	R	A	N	D	E		A	N	K	R	A			
	V	E	K	E	N	E	D	Ø	Y	V	A	N	D	E	A	S	K			
	M	E	T	A	L	L	U	E	R	I	N	A	S	K						
TYNGD	L	S	T	E	I	L	E	G	G	I	N	G		T	A	L				
	V	E	K	T		I	L	D	E	R		U	S	E	R	I	Ø	S		
MER DEN GJERNE HJELP	G	L	A	D	E	L	E	G		A	N	E		S	T	O	R	R	E	
	F	E	I	R	A	R		R	E	S	I	G	N	E	R	E	R			



# Plateprat

**22. NOVEMBER 1938** har plateselskapet Columbia ei lysing i *Bergens Tidende*: «Dei fyrste slagere med nynorske tekstar. Spelt av Akres Trio m/ song av Torgeir Audunson.» 78-plata det vert reklamert for, Vestlandsvalsen, er utgjevinga der nynorsken tek steget inn i populærmusikken. Ei viktig utgjeving i den nynorske kultursoga, med andre ord. Likevel er det skrive overraskande lite om denne plata. Ove Eide, Ottar Grepstad og Herbjørn Sørebo er dei som har skriva mest om Vestlandsvalsen, det vil seia nokre avsnitt, men det dei skriv er stort sett feil, truleg av di hovudkjelda til alle tre er hugsen til Sørebo. Er det til dømes rett at Jakob Sande skreiv teksten, slik Grepstad og Sørebo hevdar? Og var songen verkeleg eit resultat av ei songtevling i BUL i Oslo? Forvirra? Ikkje etter denne episoden av Plateprat.



Me kan byrja med å sjå på etiketten til plata. Der ser me at songen er kreditert tre personar: Willys, Audunson og Sande. Willys, som er personen som har skriva musikken, er Willy «Will Willys» Olsen, ein jazzmusikar som komponerte mange slagermelodiar på den tida. Bergensaren Torgeir Audunson, som syng på plata, var på si side ein aktiv slagertekstforfattar på trettitalet. Dessutan var han den komande svogeren til Jakob Sande, og me ser av krediteringa at Audunson har fått hjelp av Sande til å skriva teksten. Men kor mykje bidrog Sande? Audunson sjølv vart i 1979 intervjuet i *Bergens Tidende* om mellom anna Vestlandsvalsen, i samband med at han skulle syngja i *Husker du*. Her nemner han ikkje eitt ord om Jakob Sande, men seier derimot at det var han sjølv som skreiv teksten på Vestlandsvalsen. No var ikkje Audunson ein bergensar av det smålatne slaget, men utsegnene hans er likevel ein god indikasjon på at me her snakkar om ein Audunson-tekst

med assistanse frå Sande, og ikkje det motsette. Ein rein Jakob Sande-tekst er det i alle fall ikkje.

Eit anna spørsmål er kva som var bakgrunnen for utgjevinga. I boka *Ein storm frå vest* skriv Herbjørn Sørebo at Audunson hadde vunne ei slagertevling skipa til av *Aftenposten*, og at *Bondeungdomslaget* i Oslo då fann ut at dei skulle skipa til ei nynorsk slagertevling. «Den vann også Torgeir Audunson med ein tekst av Jakob Sande, «Vestlandsvalsen»», skriv Sørebo. Men det var ikkje slik at Audunson vann slagertevlinga i *Aftenposten*. Tevlinga, som var eit samarbeid mellom A-magasinet og Norsk Musikkforlag sumaren og hausten 1938, var nemleg ei rein meloditevling der deltakarane skulle senda inn notar – utan tekst. Dei to premierebidraga, skrivne av Bjarne Amdahl og Ulf B. Arnesen, vart so i ettertid utstyrt med tekstar skrivne av Audunson. Torgeir Audunson kom med andre ord inn i biletet etter at tevlinga var avslutta, og var soleis korkje vinnar eller deltakar i den tevlinga. Men vann han ei tevling i BUL i Oslo?

Det er Byarkivet i Oslo som sit på arkiva til BUL. Eg kontakta dei og fekk svar frå Kirsti Guolwsen. Ho gjekk gjennom *Lagsbladet* til BUL og fann omtale av novelletevlingar og andre aktivitetar, men ingen spor etter noka songtevling på denne tida. Det er difor lite som tyder på at det var ei slik tevling i BUL i 1938. Det me derimot veit, ved å sjekka matrisenummeret på plata opp mot oversynet i *Norsk gramfonplatehistorie III* av Vidar Vanberg, er at plata med Vestlandsvalsen vart spelt inn oktober 1938. Plata kom på marknaden i november, etterfylgd av fleire andre nynorsksongar frå Audunson, og marknadsføringa til Columbia, både i lysingar og katalogar, gjorde eit stort nummer av at det her var på nynorsk. Det er uvisst kor godt salet var, for platene er særst vanskelege å finna i dag, men kor som er, markerer Vestlandsvalsen byrjinga på den nynorske populærmusikken. Plata fortener difor ein skikkeleg plass i soga om nynorsken.

ARILD TORVUND OLSEN  
arild@nynorsksenteret.no

Foto av plateetikett: Nasjonalbiblioteket

## » SPØRJELEIK ved Janne Nygård

- 1 Kva medikament som blir forkorta på fire bokstavar er òg verkestoffet i partydopet ecstasy?
- 2 Kva heiter skodespelaren som gøymde seg i kostymet til Labbetuss på 80-talet?
- 3 Stortinget vedtok i fjor å innføre ei flyseteavgift som har skapt mykje debatt. Kor mykje er avgifta på per passasjer?
- 4 Kva land har over 3 millionar innsjøar, noko som tilsvarar om lag 60 prosent av alle innsjøar i verda?
- 5 Kva er namnet på sjokoladefabrikken som vart starta i 1996 i Sandefjord?
- 6 Frå kva tre land kjem dei største innvandringsgruppene til Noreg?
- 7 Kva tyder namnet «Færøyane» direkte omsett til norsk?
- 8 Kva heiter den svenske forfattaren som debuterte med romanen *Ett öga rött* i 2003, og er i år aktuell med boka *Allt jag inte minns* på norsk?
- 9 I kva by finn vi nasjonalforsamlinga i Sør-Afrika?
- 10 Kva heiter Noregs arbeids- og sosialminister?
- 11 Kva heiter rektoren ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU)?
- 12 Kva musikkalbum reknast for å vere det mest selde albumet nokonsinne?
- 13 Nemn tre tyske preposisjonar som utelukkande styrer dativ.
- 14 Kva heitte den siste presidenten i Sovjetunionen?
- 15 Kor mange byar er det i Sogn og Fjordane?
- 16 I kva land ligg byen Karachi?
- 17 Kva er det einaste landet i Asia der dei òg snakkar portugisisk?
- 18 I kva kommune vart Hulda Garborg fødd?
- 19 Kva heiter franskmannen som tok 4 gull i VM i skiskyting i år?
- 20 Kor mange planetar i solsystemet vårt er større enn jorda?

1. MDMA
2. Geir Børresen
3. 80 kroner
4. Canada
5. Hval sjokoladefabrikk
6. Polen, Sverige og Litauen
7. Saueroyane
8. Jonas Hassen Khenitri
9. Cape Town
10. Anniken Hauglie (H)
11. Gunnar Bovim
12. «Thriller» av Michael Jackson
13. Dei vanlegaste: Aus, bei, mit, nach, seit, von og zu
14. Milkhall Gorbatsjov
15. Tre (Floro, Forde og Måløy)
16. Pakistan
17. Aust-Timor
18. Stange
19. Martin Fourcade
20. Fire (Jupiter, Saturn, Uranus og Neptun)



Kordirigent Vigdis Vangen var bedageleg av seg. Nye kandidatar fekk finna seg i å prøvesyngja utanfor soverommet hennar.



»YTRING

Det er truleg ikkje gang i å skriva om dette, for det strider mot det synet som Norsk Tidend står for. Eg er ein gamal kall og dei blir ikkje rekna som heilt normale i våre dagar. Men eg skriv likevel, eit eller anna.

Eg vågar først å skriva noko frå den tida eg gjekk på Folkeskolen. Eg gjekk som vanleg sju år på denne skolen og alle åra hadde vi bokmål som skriftspråk. Dette vart den einaste opplæringa eg fekk i norsk. Eg tok seinare nokre månader i musikkundervisning, men det reknar eg ikkje med nå.

Etter eg fekk stilling i kommunen, måtte eg av og til skriva til dei. Eg sende eit brev til «kommunesekretæren» og da fann eg på å skriva på nynorsk. Da eg møtte han seinare sa han: «Du skriver da godt nynorsk, du». Eg svarta truleg ikkje, men tenkte: Skriv eg godt nynorsk, må det vera lett å skriva det. Etter den tida skreiv eg mest nynorsk. Etter dialekta mi, tenkte eg dette må vera best for meg.

Eg kom da til å tenkja på læraren vi hadde siste åra eg gjekk på skolen. Vi hadde da fått ny rettskriving. Han sa da: dette blir sikkert den nest siste rettskrivinga vi får. Han var ivrig målmann. Kva har hendt etter 1939? Vi har hatt ein ny måte å skriva på i over hundre år og kva er vi kome fram til? Alle rettskrivingane vi har hatt denne tida har heile tida samarbeidd for å sameina desse to språka. Dette har gått sakte og sikkert rette vegen, heilt fram til nå. Men kva skjer i dag? Det ser ut som mange nå arbeider for at vi skal ha to skriftspråk til evig tid. Vi har nå to skriftspråk der begge er så like, at alle i Norge forstår begge delar og alle er godt kjende med eit norsk skriftspråk.

Det er interessant å lesa det som står i bladet denne veka; kva heiter mastergrad på norsk? Det står mange andre ord med same spørsmålet: kva heiter dei på norsk? Med så stor innflytting som vi har nå, må det vera nok med eit skriftspråk, for norsk er norsk. Det er mange måtar å skriva norsk på, vi er ikkje nøydde til å leita fram dei vanskelege orda på nynorsk eller bokmål. Skriv godt norsk også til innflyttarar. Det greier ekspertar godt å få til, dersom dei vil. Eg ber dykk ta inn dette i bladet, det reknar eg med at de tør.

ALBERT LERVIK

# Alf Jansen

»MINNEORD

Alf Jansen miste livet i ei ulukke 1. april. Med det har Voss mållag mist ein god og tydeleg leiar, som vil verta sakna av medlemmane i laget.

Alf kom inn i styret i Voss mållag i 2013. Det fyrste året delte han leiarvervet med Knut Farestveit, men frå årsmøtet 2014 var Alf leiar åleine. For Alf var nynorsk eit spørsmål om rettferd, identitet og kultur. Han brukte bokmål gjennom heile utdanninga si, men vart nynorskbrukar frå 25-årsalderen.

Målsaka var eit viktig arbeid for han, men det var òg viktig at dette arbeidet var triveleg. Han greidde å halda oppe aktivitetsnivået til laget, samstundes som han skapte ei god stemning rundt seg. Styremøta var som regel heime hjå han, og der var det alltid triveleg å koma inn.

Alf hadde ein avslappa og inkluderande leiarstil. Han lét alle få koma med meiningsane sine, og gjekk oftast inn i saker med opne auge. I dei to åra han var leiar, fekk laget gjort mykje. Me laga utkast til ein kommunal målbruksplan, som vart teken vel mot av dei lokale politikarane, og som me vonar vert politisk handsama i løpet av året. Me skipa til målpolitisk debatt før kommunevalet i fjor, med Alf som ein myndig og god møteleiar. Me støtta kjøpet av nynorske bokpakker til barnehagar i kommunen. Me skipa til forfattarkveld og temakveld om nynorsk som lovspråk. Me



kjempa for at innvandrarar på Voss skulle læra nynorsk, ikkje bokmål. Me skipa til ein songkveld i mars, der me kombinerte målsak med ei anna interesse Alf sette høgt: Han sa ofte at «det vert sunge for lite». Alf ville ha eit aktivt mållag, han ville at me skulle visa att, og det greidde han. I leiaråra hans vart Voss mållag synleg med eiga heimeside, og med kontoar både på Facebook og Twitter.

På årsmøtet i mars vart Alf attvalt som leiar i Voss mållag. I leiartida hans har det vore

eit stabilt styre, og slik låg det an til å verta også det neste året. No vert det ikkje slik, og stabiliteten forsvann i det vervet der me hadde trengt det mest. Me som er att i styret kjem til å arbeida vidare i Alf si ånd: Me skal vera tydelege, truverdige og trufaste mot målet, og me skal prøva å gjera det slik Alf ville gjort det – seriøst og systematisk, men heile tida med eit glimt i auga.

STYRET I VOSS MÅLLAG

Nina Mork Brunvoll  
Inge Draugsvoll  
Knut Farestveit  
Eirik Helleve  
Reidun Horvei

# KRAMBUA



Sjå innom nettsidene våre for gode tilbud på godt måltilfang. Mange nye profileringsartiklar, lesverdige bøker, helsingskort til dei fleste høve og aktuelt aksjonsmateriell. Ikkje minst bestseljaren: krus med sitat av Olav H. Hauge. Spring og ting!

[nm.no/krambua](http://nm.no/krambua)

## Gode redaktør!

»YTRING

Har med stor interesse lese hovudoppslaget «Overtramp» i siste Norsk Tidend. Her har ein endeleg teke tak i eit av dei store, aktuelle språkpolitiske spørsmåla og analysert det grundig frå alle vinklar. Artikkelen er balansert og viser framifrå journalistisk handverk der ein ikkje kastar bort tid og trykksverte på kommentarar frå den eine hovudaktøren, som alt har sagt meir enn nok i denne saka.

Slik journalistikk aukar respekten for journalistyrket og fremjar målstrevet! Til lukke!

ØYSTEIN VELLURE  
AI



# MÅLLAGET INFORMERER



## MOMSKOMPENSASJON

I 2010 vart det vedteke ei tilskotsordning der frivillige organisasjonar kan søkje om å få kompensert kostnader til meirverdiavgift som dei har hatt ved kjøp av varer og tenester, basert på årsrekneskap eitt år tilbake i tid. Føremålet med ordninga er å fremje frivillig aktivitet. I 2015 fekk over 20.000 lag og foreiningar utbetalt momskompensasjon på til saman 1,22 milliardar kroner. Noregs Mållag sender ein felles søknad for alle lokallaga våre, og fristen for å levere søknad til oss er 1. august. Per Henning Arntsen er kontaktpersonen på skrivarstova, og han håpar på ein auke i talet på lokallag som søker kompensasjon.

– Dette er ei god mogelegheit for lokallag med lite pengar til å spe på inntektene sine, og det er ikkje vanskeleg! Om nokon lurar på korleis ein skal gå fram, er det berre å ta kontakt. Det kjem informasjon i ei lagssending i midten av juni.

## MEDLEMSTAL

Dei av medlemene våre som ikkje hadde betalt, fekk ei påminning om dette med frist 27. mai. Då desse var komne inn, runda me 11 000 betalende medlemmer, som er litt fleire enn på same tid i fjor. Det er framleis mange som ikkje har betalt. Nyverving er viktig, men det er også viktig å få gamle medlemmer til å halde fram med å betale. Det kjem medlemslister til lokallaga i neste lagssending. Målet er også i år å nå 12 000 betalende medlemmer før året er omme. Men draumen er sjølv sagt å slå rekordtalet frå 2012 på 12 256 medlemmer, seier organisasjonskonsulent Erik Grov.

## UTLYSING AV ORGANISASJONSMIDLAR

På budsjettet til Noregs Mållag er det sett av 200 000 kroner som er øyremerkte lokale organisasjonstiltak. Alle lokallag og fylkeslag kan søkje om desse pengane. Hovudtildelinga i år blir på fyrste styremøte etter sumaren. Dato for dette er ikkje sett. Søknadsfrist er 1. august 2016. Det er mogeleg å søkje støtte til mange ulike tiltak, men tiltaket skal ha eit organisasjonsbyggjande føremål. Tradisjonelt har opne møte, konferansar og samlingar fått tildelingar. Maksimal søknadssum for eit lag er 100 000 kroner. Sjå retningslinjer på nettsidene våre, nm.no under «for lokallaga» → «økonomi». **Send søknad** på e-post til [gro.morken@nm.no](mailto:gro.morken@nm.no) – eller i posten til: Noregs Mållag, Lilletorget 1, 0184 Oslo innan 1. august.

## HAR DU EIN KANDIDAT TIL NYNORSK NÆRINGSLEVSPRIS?

Juryen for Nynorsk næringslevspris 2016 inviterer alle til å kome med grunngevrne framlegg til kandidatar som fortener denne prisen. Styret i Noregs Mållag vedtok i 2005 å dele ut ei utmerking for nynorsk i næringslivet. Utmerkinga skal fremje innsats for og bruk av nynorsk i næringsverksemd. Alle typar næringsverksemd som ikkje er omfatta av mållova, kan få utmerkinga. I fjor fekk Gudbrandsdalsmat prisen, og året før var det Kleven Maritime. På nettsida vår kan du lese heile prisrekka og grunngevringane for tildelingane.

**Send framlegg til:** Noregs Mållag, Lilletorget 1, 0184 OSLO eller på e-post til [gro.morken@nm.no](mailto:gro.morken@nm.no).



## SOSIALE MEDIUM

Noregs Mållag ynskjer seg fleire følgjarar på Facebook, og me treng di hjelp! På venstre kant av sida vår finn du knappen «Inviter vener til å like denne sida». Ta nokre minutt og inviter venene dine. På denne måten når me ut til endå fleire med nyhende og vervekkampanjar. Saman er me mindre åleine!

**NORSK TIDEND**  
Framhald av Fedtrahelmen og Den 17de Mai



## NOREGS MÅLLAG

[www.nm.no](http://www.nm.no)

### Tilskrift:

Lilletorget 1,  
0184 OSLO  
**Telefon:** 23 00 29 30  
**E-post:** nm@nm.no

### Kontoradresse:

Lilletorget 1, 0184 OSLO

**Bankgiro:** 3450.19.80058

**Leiar:** Magne Aasbrenn

**Mobil:** 979 70 065

**E-post:** magne.aasbrenn@nm.no

### Tilsette:

**Gro Morken Endresen,**  
dagleg leiar,  
tlf. 23 00 29 37 • 957 85 560,  
[gro.morken@nm.no](mailto:gro.morken@nm.no)

**Erik Grov,** organisasjonskonsulent,  
tlf. 23 00 29 30, [erik.grov@nm.no](mailto:erik.grov@nm.no)

**Berit Krogh,** økonomikonsulent,  
tlf. 23 00 29 35, [berit.krogh@nm.no](mailto:berit.krogh@nm.no)

**Per Henning Arntsen,** økonomikonsulent,  
tlf. 23 00 29 34, [per.arntsen@nm.no](mailto:per.arntsen@nm.no)

**Ingar Arnøy,** skulemålsskrivar,  
tlf. 23 00 29 36 • 975 29 700,  
[ingar.arnoy@nm.no](mailto:ingar.arnoy@nm.no)

**Hege Lothe,** informasjonskonsulent,  
tlf. 57 86 53 60 • 926 48 348,  
[hege.lothe@nm.no](mailto:hege.lothe@nm.no)

**Kjartan Helleve,** redaktør Norsk Tidend,  
tlf. 23 00 29 32 • 943 97 998,  
[kjartan.helleve@nm.no](mailto:kjartan.helleve@nm.no)



## NORSK MÅLUNGDOM

[malungdom.no](http://malungdom.no)

**Tilskrift:** Postboks 285 Sentrum,  
0103 Oslo

**Telefon:** 23 00 29 40

**E-post:** [skriv@nynorsk.no](mailto:skriv@nynorsk.no)

**Bankgiro:** 3450.65.48707

**Leiar:** Synnøve Marie Sætre,

**Telefon:** 926 95 330 • 23 00 29 40,

**E-post:** [synnovemarie@nynorsk.no](mailto:synnovemarie@nynorsk.no)

**Skrivar:** Kirsti Lunde,

**Telefon:** 482 64 518,

**E-post:** [kirsti.lunde@nynorsk.no](mailto:kirsti.lunde@nynorsk.no)

**Prent:** Nr1Trykk as

**Opplag:** 13 500

**Abonnement:** kr. 250,- per år

### Annonsar:

Annonseprisar: kr 9,00,-/mm  
Tillegg for tekstsida: kr 0,50,-/mm  
Spaltebreidd: 45 mm  
Kvartside: kr 3 000,-  
Halvsida: kr 5 000,-  
Heilsida: kr 9 000,-  
Ilegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

**Stofffrist nr. 4 – 2016:**

**1. september**

Dette kallar eg kjærleik  
– eg veit ikkje kva det er.  
Tor Jonsson

## » PÅ TAMPEN

**OM DU IKKJE ER EIN SÅNN POSITIV TYPE** som tykkjer at alt nytt er flott, så tek det litt tid å venje seg til nye ting. Dette er ikkje berre trass og tvangstanke. Om eg til dømes set stor pris på å bade i ferskvatn, så er det ikkje berre å gje seg over til svaberg og saltvatn.

**HAVET INNEHOLD GENERELT ALT VONDT** i den norske naturen. Det er brennmanetar, krabbar, kloakk, plastposar, oljesøl, skjell, tang, tare, bylgjer, salt og desse grufulle kvite tinga som ligg akkurat i vasskorpa og kuttar opp beina dine på veg opp eller ned i vatnet. Det er ingenting som skulle tilseie at havet er ein naturleg plass å bade.

**MEN SÅ HAR EIN KASTA SEG UT I DET** nokre gonger, og etter kvart så er det ikkje så verst. Vatnet er klårare, glasmanetar er ikkje farlege, strender er fine å kome inn til, og det er noko med å vite at ein når som helst kan symje til Amerika og ikkje berre til den andre sida av vatnet.

For det er ikkje slik at ferskvatn er utan farlege ting. Det er mudder og gamle kvistar, hoggorm på symjetur, gjedder, ikter, igler og ein gamal blekkboks nokon kasta ein gong på 70-talet.

Brått tek du deg i å tvile på kva som var grunnen til at du tidlegare hata saltvatn. Om du no måtte velje kvar du skulle bade i resten av livet, kva ville du så ha valt?


**NO HAR EG BUDD I FEMTEN ÅR** i eit område der ein går på ski i skispor midt inne i skogen. Ikkje er det utsikt, ikkje er det særleg med fjellsider å krysse oppover og ikkje er det stader der du kan gå heilt åleine. Lenge var ungane den einaste grunnen til at eg i det heile tok på meg skia.

**NO HAR EG ETTER KVART FORSTÅTT** at dette hatet mot skogsløyper i litt for stor grad heng saman med å dra på pulk eller bruke to timar på ein kilometer, medan ein desperat freistar å overtyde ungen om at «nei, du treng ikkje meir smørjning. Skia dine er smørjefrie!» For etter kvart som turane har blitt lengre og kunnskapen større, går løypene brått stader ein ikkje visste om, nokre gonger i nysnø mellom gamle tre og stader der det berre er folk med utslitne anorakkar som går. Og dei helsar på deg.

**SPØRSMÅLET ER OM EIN SKAL SJÅ PÅ DET** som ein positiv ting at ein framleis kan lære å setje pris på nye ting. Eller skal ein sjå på det som eit svik mot oppveksten, og at ein er i ferd med å gje slepp på heile identiteten sin?

Einar Førde skal ha kome med denne salutten: «Di eldre eg blir, di oftare innser eg at eg mest aldri tek feil.»

HELDIGGRISEN.



Illustrasjon: ?

## Aasen og avisa

» Ustoppelege Jostein O. Mo har sidan 2013 hatt ei fast laurdagsspalte i avisa Møre-Nytt. Spaltene under fana «Ivar Aasen i samtid og ettertid» tek utgangspunkt i illustrasjonar av Aasen i ulike samanhengar.

– For meg er dette eit spennande samleområde, og det er framleis i vekst. Eg reknar med å ha tilfang nok til å fylle spalta i alle fall ut 2016, fortel Mo.

» Ein av desse illustrasjonane syner Aasen som ivrig lesar av Norsk Tidend. Mo nyttar høvet til å fortelje om avislesaren Aasen: «Aviser var populært lesestoff for Ivar Aasen. Norsk Landboeblad kom ut i Volda frå 1810, – seinare med andre namn. Det finst mange minne om at Aasen gjerne las denne avisa. I 1835 skreiv han til Sivert Aarflot at han hadde teikna abonnement på Avisen for Læsning af blandet Indhold, og han la til: «Aargangen for iaar medbestilt. Her skal blive en herlig Periode». Dei åra han var på Solnør hos Daae-familien kunne han jamt lese aviser. Det var her han i 1841 kunne lese i Bergens Tidende om seg sjølv.

Biskop Neumann skreiv då ein artikkel som i rosande ordelag skreiv om den sjølv lærde og gåverike bondeguten frå Sunnmøre. Under målferda i 1842–47 skreiv Aasen «erindringer», og avisene var med på ymse vis. I Sogndal i 1842 noterte han: «Da jeg strax efter min Ankomst hertil forespurgte mig om En eller Anden, som kunde laane mig Aviserne til Læsning, blev jeg henviist til denne Mand, og siden besøgte jeg ham regelmæssigt to eller tre Gange om Ugen for Avisernes Skyld.» Aasen skeiv også om då han ei kort tid var på «Gjæstgiverstedet Sande» [...] hvor jeg standsede en Stund, fik jeg Anledning til at læse endeel Aviser, hvilket nu var mig en stor Fornøielse, da jeg i længere Tid havde maattet undvære samme.»

» Men Mo veit ikkje kven som har laga denne illustrasjonen. Det gjer ikkje redaksjonen heller. Han stod på trykk i nr. 3/1995, og vart brukt i kronikken av Kjell Venås med tittel «Med Ivar på landsmøte». Kan hende er det nokon som dreg kjensel på kunstnaren?